

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKKXII 12



MEIERIBRUKET
I NOREG
1958

Norway's Dairy Industry 1958

STATISTISK SENTRALBYRÅ
OSLO 1960

Noregs offisielle statistikk, rekkje XI og XII

Norway's Official Statistics, series XI and XII

Rekkje XI

Prenta 1959

- Nr. 330 Statistiske oversikter 1958 *Statistical survey*
- 331 Telegrafverket 1957—58 *Télégraphes et téléphones de l'Etat*
- 332 Sunnhetstilstanden og medisinalforholdene 1956 *Medical statistical report*
- 333 Folkemengden i herreder og byer 1. januar 1958 *Population in rural districts and towns*
- 334 Norges jernbaner 1956—57 *Chemins de fer norvégiens*
- 335 Syketrygden 1957 *Health insurance*
- 336 Norges fiskerier 1957 *Fishery statistics of Norway*
- 337 Kriminalstatistikk 1957 *Criminal statistics*
- 338 Meieribruket i Noreg 1957 *Norway's dairy industry*
- 339 Lønnsstatistikk 1957 *Wage statistics*
- 340 Norges handel 1957 Del II *Foreign trade of Norway Part II*
- 341 Jordbruksstatistikk 1958 *Agricultural statistics*
- 342 Statistisk årbok 1959 *Statistical yearbook of Norway*
- 343 Sinnssykehusenes virksomhet 1957 *Hospitals for mental disease*
- 344 Undervisningsstatistikk 1956—57 *Statistics on education*
- 345 Folkemengdens bevegelse 1957 *Vital statistics and migration statistics*
- 346 Norges jernbaner 1957—58 *Chemins de fer norvégiens*
- 347 Skogstatistikk 1953—1956 *Forestry statistics*
- 348 Kredittmarkedstatistikk 1957 *Credit market statistics*
- 349 Norges industri 1957 *Industrial production statistics*
- 350 Varehandelsstatistikk 1957 *Distribution statistics*
- 351 Samferdselsstatistikk 1959 II *Transport and communication statistics II*
- 352 Alkoholstatistikk 1958 *Alcohol statistics*

Rekkje XII

Prenta 1960

- Nr. 1 Økonomisk utsyn over året 1959 *Economic survey*
- 2 Lønnsstatistikk 1958 *Wage statistics*
- 3 Norges kommunale finanser 1955—56 og 1956—57 *Municipal finances*
- 4 Elektrisitetsstatistikk 1957 *Electricity statistics*
- 5 Skogavvirking 1955—56 til 1957—58 *Roundwood cut*
- 6 Skogbrukstillingen i Norge 1. september 1957 I Tabeller *Census of forestry I Tables*
- 7 Telegrafverket 1958—59 *Télégraphes et téléphones de l'Etat*
- 8 Forsikringsselskaper 1958 *Sociétés d'assurances*
- 9 Norges bergverksdrift 1958 *Norway's mining industry*
- 10 Norges postverk 1959 *Statistique postale*
- 11 Ulykkestyngden for industriarbeidere m. v. 1952—1954 *Assurances de l'Etat contre les accidents pour les ouvriers industriels etc.*
- 12 Meieribruket i Noreg 1958 *Norway's dairy industry*

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XII 12



MEIERIBRUKET
I N O R E G
1958

Norway's Dairy Industry 1958

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY
OSLO 1960

Utkomen før:

Statistik angaaende det norske Jordbrug 1871—1875 og Jordbruk og fedrift 1876—1885, 1886—1890, 1891—1895, 1896—1900, 1901—1905, 1906—1910, 1911—1915 og 1916—1920.

Meieribruket i Norge 1925 VIII nr. 31, 1926 VIII nr. 58, 1927 VIII nr. 83, 1928 VIII nr. 117, 1929 VIII nr. 152, 1930 VIII nr. 179, 1931 IX nr. 6, 1932 IX nr. 28, 1933 IX nr. 50, 1934 IX nr. 72, 1935 IX nr. 98, 1936 IX nr. 124, 1937 IX nr. 150, 1938 IX nr. 180, 1939 X nr. 6, 1940 X nr. 31, 1941 X nr. 57, 1942 X nr. 82, 1943 X nr. 90, 1944 X nr. 110, 1945 X nr. 138, 1946 X nr. 153, 1947 X nr. 173, 1948 XI nr. 12, 1949 XI nr. 45.

Meieribruket i Noreg 1950 XI nr. 94, 1951 XI nr. 121, 1952 XI nr. 181, 1953 XI nr. 218, 1954 XI nr. 239, 1955 XI nr. 289, 1956 XI nr. 311, 1957 XI nr. 338.

Føreord

Statistikken over meieridrifta i Noreg byggjer på årsoppgåver som er innhenta beinveges frå kvart einskilt meieri.

Fyrste meldinga om dette: «Meieribruket i Norge 1925» NOS VIII. 31 har i innleiinga på side 2 eit oversyn over tidlegare meieristatistikk og ei utgreiing om kva som var gjort for å byggja ut denne statistikken. Seinare har ein i kvar årgang sagt frå om endringar i skjemaet.

Gjeldande offentlege vedtak som vedkjem meieridrifta, anten produksjon eller prisar, har ein så langt råd er nemnt i dei einskilde årgangane og under dei bolkanane der vedtaka naturleg høyrer til.

Årsskjemaet for 1958 er det same som for 1957 når det gjeld oppgåver for meieridrifta, men er utvida med spørsmål om parts- og realkapital, fonds- og lånekapital, forbruk av brensel, drivstoff og elektrisk kraft og maskininstallasjon.

Oversynet er utarbeidd av sekretær Torstein Wangensteen.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 7. januar 1960.

Petter Jakob Bjerve

Arne L. Aaseth

Innhald

Oversyn.	Side
I. Det statistiske materiale	9
II. Oppgaver over meieriverksemder, personale og leverandører m. v. ved meieria	9
1. Driftsretning, storleik og kvar meieria ligg	9
2. Personale og driftstid	10
3. Leverandører og parthavarar og mjølkekyr og mjølkegeiter hos desse ...	11
III. Innvegen mjølkemengd og kva denne er nytta til	12
1. Innvegen mjølkemengd og kvaliteten av mjølka	12
2. Produksjon av smør, ost og mysost	14
3. Sal av mjølk og fløyte til konsum	15
4. Mjølk nytta i industrien	16
5. Sal av smør, ost og mysost	16
a. Innalandsk sal	16
b. Utførsle og innførsle	17
6. Retur og oppføring av skumamjølk, saup, mjølkepulver og myse	17
7. Mjølkeomsetnad utanom meieria	18
8. Måten mjølkefeittet er nytta på	18
IV. Økonomisk resultat av meieridrifta	19
1. Prisar på meieriprodukta	19
2. Statstilskota til mjølkeproduksjonen	20
3. Driftsresultatet	22
a. Bruttovinning	23
b. Driftsutgifter	23
c. Nettovinning	25
V. Driftsforma ved dei einskilde meieria	29
1. Mjølkesalsmeieri	30
2. Samlestasjonar	31
3. Smør- og fløytemeieri	32
4. Sætermeieri	32
5. Mysostkokeri	32
6. Gamalostysteri	33
7. Meieri med blanda drift	33
a. Meieri med meir enn 50 prosent mjølkesal	34
b. Meieri med 25 til 50 prosent mjølkesal	34
c. Meieri med mindre enn 25 prosent mjølkesal	34
8. Hovudtal for produksjonsgruppene	35
VI. Investeringar i meieridrifta	37
VII. Partskapital, realkapital, gjeld og fonds ved utgangen av 1958	37
VIII. Installerte kraftmaskinar ved utgangen av 1958	39
IX. Forbruk av brensel, drivstoff og elektrisk kraft	39
X. Samla produksjon av kumjølk og geitmjølk	40
Samandrag på engelsk	42
T a b e l l a r.	
I. Meieria delte i produksjonsgrupper og etter innvegen mjølkemengd	44
II. Meieria, kvar dei ligg, tida dei var i drift, mjølkemengd og personar pr. meieri	44
III. Personale ved meieria	46
IV. Mjølk og fløyte innvege ved meieri og kondenseringsfabrikkar	47
V. Retur, oppføring og sal av skumamjølk, saup, mjølkepulver og myse	48
VI. Feittinnhaldet i mjølka. Oppgjer etter feittinnhaldet. Reduktaseprøver ...	49
VII. Produksjon av smør, ost og mysost	50

	Side
VIII. Sal av mjølk og fløyte til konsum	52
IX. Mjølk og fløyte nytta i industrien	53
X. Innalandsk sal av smør, ost og mysost, månadsvis.....	54
XI. Bruttovinning, driftsutgifter og nettovinning ved meieria	55
XII. Driftsutgiftene ved meieria delte på dei ein skilde utgiftspostane	56
XIII. Nettovinning av meieridrifta, utbetalt leverandørane m. v.	58
XIV. Kor stor del av mjølka som er seld som heilmjølk og fløyte, retur av skuma- mjølk og økonomisk resultat av drifta for kvart enkelt meieri i 1958	60
XV. Utgifter til utstyr av alle slag, hus, byggjearbeid o. a.	67
XVI. Utgifter til vøling	69
XVII. Partskapital og realkapital ved utgangen av 1958	70
XVIII. Installerte kraftmaskinar i meieria ved utgangen av 1958	71
XIX. Forbruk av brensel, drivstoff og elektrisk kraft	72
Vedlegg 1	73
Vedlegg 2	81

Contents

	Page
General survey.	
I. Source for statistical data	9
II. Grouping of dairies and staff and suppliers etc. to dairies	9
1. Dairies classified according to dairy industry, size and geographical location	9
2. Number of employees and periods of operation	10
3. Number of suppliers, partners, milk cows and milk goats	11
III. Volume of milk weighed in and utilization of milk	12
1. Volume of milk weighed in and quality of milk	12
2. Production of butter, cheese and whey cheese	14
3. Sale of milk and cream by dairies to consumers	15
4. Milk consumption in food manufacturing industries	16
5. Sale of butter, cheese and whey cheese	16
a. Domestic sale	16
b. Exports and imports	17
6. Volume of skimmed milk, milk powder and whey returned to producers and sale for feed	17
7. Sale of milk directly from producers to consumers	18
8. Utilization of milk	18
IV. Economic conditions	19
1. Prices	19
2. Government subsidies on milk	20
3. General operating results	22
a. Gross income	23
b. Operating expenses	23
c. Net income	25
V. Survey of special types of dairies	29
1. Dairies selling milk	30
2. Milk receiving stations	31
3. Dairies producing butter	32
4. Dairies getting all their milk from mountain dairy farms	32
5. Dairies producing whey cheese	32
6. Dairies producing «gamal ost» (old Norwegian cheese)	33
7. Dairies producing a variety of products	33
a. Dairies selling more than 50 per cent of their production as milk	34
b. Dairies selling 25 to 50 per cent of their production as milk	34
c. Dairies selling less than 25 per cent of their production as milk	34
8. Principal data for these production groups	35
VI. Investments in dairy industry	37
VII. Share capital and real capital at the end of 1958	37
VIII. Power engines installed at the end of 1958	39
IX. Use of fuel and electricity	39
X. Total production of cow milk and goat milk	40
English summary	42
T a b l e s.	
I. Classification of dairies according to production and volume of milk	44
II. Dairies and their geographical location, length of time in operation, volume of milk and number of employees by dairy	44
III. Employed persons	46
IV. Volume of milk weighed in directly from producers and from other dairies	47

	Page
V. Volume of skimmed milk, milk powder and whey returned to producers and sale for feed	48
VI. Fat content of milk. Basis of payment according to fat content. Tests of reductase	49
VII. Production of butter, cheese and whey cheese.....	50
VIII. Sale of milk and cream to consumers	52
IX. Milk and cream consumption in manufacturing industries	53
X. Domestic sale of butter, cheese and whey cheese, by the month	54
XI. Gross income, operating expenses and net income at the dairies	55
XII. Operating expenses at dairies distributed over the various items of expenditure	56
XIII. Net income of dairying, paid out to producers, etc	58
XIV. Total sales of milk and cream, skimmed milk returned to producers and operating results for each dairy during 1958	60
XV. Expenditures for various kinds of equipment, dwellings and other building and construction work etc.	67
XVI. Expenditures for repairs	69
XVII. Share capital and real capital at the end of 1958	70
XVIII. Power engines installed at the end of 1958	71
XIX. Use of fuel and electricity	72
Appendix 1	73
Appendix 2	81

Oversyn

I. Det statistiske materialet.

For 1958 som for tidlegare år har ein samla inn oppgåver frå kvart einskilt meieri i heile landet. Oppgåveskjemaet vart utvida i 1953 og 1954. Sidan har omfanget av oppgåvene stort sett vori det same, men skjemaet for driftsoversynet vart noko omarbeidd i 1957.

For 1958 er skjemaet ein del utvida og omarbeidd i høve til skjemaet for 1957. Dette er dels gjort for å få meieristatistikken fyldigare og dels fordi meieria no skal gi oppgåver til bruk også i Byråets industristatistikk.

Oppgåver over parts- og realkapital ved meieria vart innhenta i 1949, 1953 og 1956 og oppgåver over det maskinelle utstyr i 1939, 1953 og 1956. For 1958 har ein innhenta oppgåver over parts- og realkapital og maskinelt utstyr. Det er vidare innhenta oppgåver over meieria si gjeld ved utgangen av 1958.

Fristen for innsending av skjema var 1. april 1959.

Utanom årsstatistikken samlar Byrådet inn oppgåver for kvar månad over innvegen mjølkemengd, produksjon og lager m. v. ved meieria. Eit samandrag av månadsstatistikken for 1958 er prenta i Statistiske meldingar nr. 3, 1959.

II. Oppgåver over meieriverksemdar, personale og leverandørar m. v. ved meieria.

1. Driftsretning, storleik og kvar meieria ligg.

For 1958 har ein oppgåver frå i alt 383 verksemdar. I dette talet inngår også alle produksjonsavdelingar og samlestasjonar som er knytt til eit større meieri.

Tabell 1. Meieria og kondenseringsfabrikkane delte i produksjonsgrupper.

	1952	1953	1954	1955	1956	1957	1958
Mjølkesalsmeieri	50	46	47	51	44	42	41
Samlestasjonar	174	162	136	122	120	116	119
Smørmeieri	28	26	20	17	20	23	23
Fløytemeieri	7	6	4	4			
Sætermeieri	1	1	1	1	1	1	1
Mysostkokeri	31	16	22	17	16	11	19
Gamalostysteri	2	3	4	5	5	3	2
Meieri med blanda drift ..	149	171	166	166	172	175	178
Kondenseringsfabrikkar ..	3	3	3	3	3	3	4
Verksemdar i alt	445	434	403	386	381	374	387

I oppgåvene for tidlegare år er det berre underavdelingane til Fellesmeieriet som er tekne med, medan underavdelingane til andre meieri har, saman med hovudmeieriet vori rekna som ei verksemd. Kondenseringsfabrikkane er ikkje rekna som vanlege meieriverksemd. Oppgåvene frå dei er difor medtekne berre ved oppgåvene over verksemd i alt og samla innvegen mjølkemengd og nettovinning av ho. Det er sagt serskilt frå om det på kvar stad der kondenseringsfabrikkane er medtekne.

Meieria er delte i grupper etter måten mjølkefeittet er nytta på. Frå og med 1951 er kravet at minst 75 prosent av mjølkefeittet blir nytta i den produksjonen som er sermerkt for gruppa. Dei meieri som ikkje kjem med i noko sergruppe er samla i gruppa «blanda drift». Tabell 1 syner meieria delte i produksjonsgrupper dei siste åra og tabell I syner tal for kvart fylke. Produksjonsgruppene er nærare omtala i bolk V.

Inndeling av meieria etter storleik er gjort etter mjølkemengd innvegen frå egne leverandørar. Tabell 2 syner fordelinga av meieria etter storleik for ein del år frå 1900 til 1958, og tabell I syner tal for kvart fylke i 1958.

Tabell 2. Meieria etter innvegen mjølkemengd.

År	Innvegen mjølkemengd pr. år						
	Mindre enn 100 tonn	100—200 tonn	200—500 tonn	500—1000 tonn	1000—2000 tonn	2000—5000 tonn	5000 tonn og meir
1900	310	247	207	47	7	7	
1910	225	196	203	65	28	15	
1920	116	106	187	86	34	23	
1930	129	100	188	128	53	44	
1938	76	65	148	138	106	58	27
1945	103	101	165	94	47	27	8
1950	18	31	73	107	84	112	40
1955	12	19	39	60	76	128	48
1956	9	18	40	52	76	130	53
1957	12	16	36	48	74	128	57
1958	11	12	34	53	72	138	63

Tabell 3 syner talet på meieri og kor mange av dei som ligg i bygder og byar.

Tabell 3. Talet på meieria og kvar dei ligg.

År	Meieri			År	Meieri		
	i alt	i bygder	i byar		i alt	i bygder	i byar
1900.....	845	784	61	1953.....	431	371	60
1910.....	738	675	63	1954.....	400	341	59
1920.....	544	480	64	1955.....	383	324	59
1930.....	639	567	72	1956.....	378	319	59
1940.....	570	506	64	1957.....	371	312	59
1950.....	465	409	56	1958.....	383	324	59

2. Personale og driftstid.

I 1958 var det sysselsett i alt 6 897 personar ved meieria mot 6 610 i 1957. Tabell 4 syner korleis desse var spreidde på hovudgrupper.

Oppgåver over personale ved meieria delte på fylka er inntekne i tabell III. I tabell 4 har ein oppgåver over personalet ved meieria frå 1910 til 1958.

Tabell 4. Personalet ved meieria.

År	Menn	Kvinner	I alt	Med meieriutdanning	
				Menn	Kvinner
1910	1 021	1 710	2 731
1920	1 237	1 519	2 756
1930	1 672	1 613	3 285
1940	1 936	1 592	3 528	474	439
1950	2 607	1 602	4 209	576	380
1952	2 950	1 849	4 799	592	377
1953	3 516	2 640	6 156	622	392
1955	3 787	2 690	6 477	651	366
1956	3 826	2 647	6 473	673	343
1957	3 898	2 712	6 610	689	322
1958	3 983	2 914	6 897	620	245
I 1958 ved:					
Meieriet.....	2 498	982	3 480
Kontoret	365	502	867
Mjølkeutsal	—	1 213	1 213
Transport	764	—	764
Anna verksemd....	356	217	573

Frå 1952 til 1953 er det eit sprang i tala, sjå meir om dette i statistikken for 1953.

I 1958 var det i medeltal 15,4 personar for alle produksjons- og mjølkesalsmeieri, og 3,3 personar i medeltal pr. mill. kg mjølk, mot 15,2 og 3,0 personar i 1957. I desse tala har ein berre rekna med dei som var sysselsette ved meieriet og kontoret.

Av dei 383 meieria som var i drift i 1958, dreiv 378 heile året, 2 hadde driftstid på 9—11 månader, 1 hadde driftstid på 6—9 månader og 2 hadde driftstid på mindre enn 6 månader.

I tabell II er oppgåvene over personar i medeltal og driftstida for meieria delte etter fylke.

3. Leverandørar og parthavarar og mjølkekyr og mjølkegeiter hos desse.

Talet på leverandørar gjekk ned frå 130 812 i 1957 til 128 819 i 1958, og talet på parthavarar gjekk ned frå 111 053 i 1957 til 109 563 i 1958.

Talet på mjølkekyr hos leverandørane var i 1958 oppgitt til 553 396, og av desse hadde parthavarane 494 082 eller 89,3 prosent. Talet for 1957 var 560 465, og av dei hadde parthavarane 500 906 eller 89,4 prosent.

Talet på mjølkegeiter gjekk ned frå 60 947 i 1957 til 55 626 i 1958. Av desse hadde parthavarane 48 383 i 1958 mot 53 490 i 1957.

Tabell 5. Leverandørar og parthavarar i 1957 og 1958 og mjølkekyr og mjølkegeiter hos desse.

Fylke	Leverandørar				Mjølkekyr				Mjølkegeiter	
	1957		1958		1957		1958		1958	
	I alt	Av dei part-havarar	I alt	Av dei part-havarar	I alt	Hos part-havarar	I alt	Hos part-havarar	I alt	Hos part-havarar
Østfold	4 317	4 169	4 056	3 692	30 156	28 635	30 404	29 585	—	—
Akershus og Oslo	4 866	4 441	4 554	4 128	35 789	33 060	33 650	31 171	—	—
Hedmark	9 704	8 489	8 592	7 515	39 189	35 534	38 145	35 274	6 310	5 410
Oppland	11 660	8 884	11 515	8 902	59 659	52 220	59 241	51 983	15 090	13 605
Buskerud	4 904	4 071	4 638	3 969	23 877	20 509	23 115	20 432	1 858	1 560
Vestfold	3 144	3 014	3 162	3 104	16 496	15 925	15 355	14 700	—	—
Telemark	4 094	3 637	4 270	3 741	14 962	14 130	15 110	14 009	1 787	1 247
Aust-Agder	3 587	2 950	3 626	2 965	8 132	7 134	7 798	6 793	—	—
Vest-Agder	5 309	4 903	5 205	4 867	16 628	15 444	17 240	16 313	—	—
Rogaland	10 042	9 457	9 866	9 306	60 241	57 817	59 680	54 176	1 125	890
Hordaland og Bergen	9 773	8 614	9 581	8 312	34 979	31 148	34 558	29 979	5 888	4 764
Sogn og Fjordane	7 639	5 787	7 957	6 425	31 074	24 807	31 002	27 073	3 036	2 655
Møre og Romsdal	13 190	11 526	12 980	11 569	49 745	44 703	48 460	43 952	5 170	5 159
Sør-Trøndelag ..	8 113	6 923	8 200	7 085	39 973	34 498	40 957	35 200	1 139	973
Nord-Trøndelag	7 511	6 629	7 497	6 699	35 892	32 977	35 656	33 039	2 659	2 354
Nordland	12 791	9 367	12 928	10 193	37 077	29 468	34 785	29 725	3 250	2 420
Troms	8 049	6 694	7 899	5 413	22 445	19 795	22 898	16 288	8 314	7 346
Finmark	2 119	1 498	2 293	1 678	4 151	3 102	5 342	4 390	—	—
I alt	130812	111053	128819	109563	560465	500906	553396	494082	55 626	48 383

III. Innvegen mjølkemengd og kva denne er nytta til.

1. Innvegen mjølkemengd og kvaliteten av mjølka.

Den innvegne mjølkemengda ved meieria og kondenseringsfabrikkane var i 1958 1 163 178 tonn kumjolk, 17 423 tonn geitmjolk og 615 tonn fløyte som etter feittinnhaldet svarar til 4 031 tonn heilmjolk. Samla innvegen mengd omrekna til heilmjolk var altså 1 184 632 tonn mot 1 196 717 tonn i 1957. Dette er ein nedgang på 12 985 tonn eller vel 1 prosent. Av den innvegne mjølkemengda i 1958 vart 17 915 tonn levert direkte til kondenseringsfabrikkane, mot 11 395 tonn i 1957.

Tabell 6. Mjolk og fløyte innvegen ved meieria og kondenseringsfabrikkane. Tonn.

År	Ved meieria				Ved kondenseringsfabrikkane, kumjolk	I alt innvegen, omrekna til heilmjolk
	Kumjolk	Geitmjolk	Fløyte	I alt omrekna til heilmjolk ¹		
1925	349 397	2 432	40	351 869	35 713	387 582
1930	397 060	5 172	28	402 260	25 416	427 676
1938	665 293	7 951	3 381	697 697	12 520	710 217
1950	942 014	12 346	3 253	978 128	13 283	991 411
1955	1 024 390	16 100	1 202	1 048 843	11 856	1 060 699
1956	1 100 871	17 656	934	1 124 923	11 197	1 136 120
1957	1 160 819	19 543	743	1 185 322	11 395	1 196 717
1958	1 145 263	17 423	615	1 166 717	17 915	1 184 632

¹ I 1925 og 1930 er innvegen fløyte ikkje omrekna til heilmjolk.

Oppgåvene i månadmeldingane syner innvegen mjølkemengd ved meieria frå månad til månad. I 1958 hadde ein største mjølkemengda i juni månad, mot i mai månad i 1957. Frå september 1958 har det vori auke i høve til året før.

Tabell 7. Innvegen mjølkemengd etter månads-
meldingane. Tonn.

Månad	1952	1953	1954	1955	1956	1957	1958
Januar	69 508	77 769	71 296	75 272	80 527	86 010	81 737
Februar	68 338	74 020	70 143	73 279	79 912	83 703	79 196
Mars	80 695	92 079	91 124	90 610	95 225	100 900	98 500
April	91 047	105 624	102 784	104 500	111 781	123 046	115 687
Mai	107 794	117 287	114 648	115 228	126 203	137 565	130 305
Juni	109 476	120 050	119 024	119 615	123 937	131 096	132 627
Juli	99 265	103 618	105 544	106 321	111 283	122 307	121 361
August	84 898	92 970	92 393	90 567	98 046	104 181	101 464
September ...	76 828	79 458	81 160	72 735	80 604	86 639	91 388
Oktober	66 473	67 343	67 153	70 148	75 238	74 051	78 982
November	62 516	61 574	65 891	67 778	72 668	70 189	72 652
Desember.....	71 729	67 094	71 461	73 724	79 695	76 097	83 333
I alt	988 567	1 058 886	1 052 621	1 059 777	1 135 119	1 195 784	1 187 232

Omsetnad av mjølk meieria imellom går for det meste frå samlestasjonar til dei store sentralmeieria. I dei seinare åra har likevel bymeieria i stor mon fått mjølk — suppleringsmjølk — frå andre meieri for å dekkja etterspurnaden etter konsummjølk. Statistikken skil ikkje mellom mjølk motteken frå samlestasjonar og mjølk motteken frå andre meieri. I 1958 gjeld dette engrossalet i alt 133 984 tonn heilmjølk, 29 067 tonn skumamjølk, 6 676 tonn krem, 36 tonn 10 prosent fløyte og 4 813 tonn annan fløyte. Av annan fløyte er det meste kinnefløyte levert til felleskinning. Denne fløyten har vanleg ca. 35 prosent feitt og er tidlegare rekna saman med krem. Tala for 1957 var 134 767 tonn heilmjølk, 14 741 tonn skumamjølk, 6 822 tonn krem, 28 tonn 10 prosent fløyte og 5 021 tonn annan fløyte.

Medelfeittinnhaldet i kumjølka var i 1958 4,03 prosent mot 4,04 prosent i 1957. Vest-Agder hadde høgste feittprosenten med 4,24 og Troms den lægste med 3,80. 16 meieri hadde feittprosent på 3,75 eller mindre, 175 hadde frå 3,76 til 4,00, 175 frå 4,01 til 4,25, og 17 meieri hadde over 4,25 prosent feitt i kumjølka.

Medelfeittinnhaldet i geitmjølka var 3,38 prosent i 1958 mot 3,41 prosent i 1957. Møre og Romsdal hadde feitaste geitmjølka med 3,90 prosent og Troms den magraste med 2,75 prosent.

Oppgjer for mjølka etter feittinnhaldet har i 1958 vori gjennomført ved alle meieri. 114 har betalt etter differens 1,0 øre, 228 etter differens 0,9 øre og 17 etter differens 0,8 øre pr. 0,1 prosent feitt.

Føresetnaden for utbetaling av statstilskot på mjølka har sidan 1940 vore at det ved oppgjer med leverandørane vert gjennomført kvalitetsbetaling etter reduktaseprøver (prøver på bakterieinnhaldet i mjølka). I 1958 har ein fått oppgåve over 3,99 mill. reduktaseprøver mot 4,09 mill. i

1957. Av prøvene i 1958 var 84,8 prosent i klasse 1, 11,5 prosent i klasse 2, 2,7 prosent i klasse 3 og 1,0 prosent i klasse 4. Hordaland og Sør-Trøndelag har dei høgste prosenttala i kl. 1, medan Troms og Finnmark har dei lægste. Resultata for dei einskilde fylka er tekne inn i tabell VI.

2. Produksjon av smør, ost og mysost.

Smørproduksjonen minka frå 1957 til 1958 med 2 233 tonn til 13 422 tonn. Dette er ein nedgang på 14,3 prosent. Derimot auka produksjonen av dei fleste osteslaga. Av kvitostsortane var det berre saupost og «andre ostesortar» som har minka i mengd.

Av dei brune ostesortane har produksjonen minka frå 1957 til 1958 for ekte geitost, medan det var auke i produksjonen for dei andre brunostslaga.

For kvitost i alt var det ein auke frå 19 516 tonn i 1957 til 22 871 tonn i 1958, og for brunost frå 11 943 tonn i 1957 til 14 030 tonn i 1958. I alt såleis ein auke frå 1957 til 1958 på 17,2 og 17,5 prosent.

Tabell 8 syner korleis produksjonen ved meieria har skifta i dei seinare åra, medan tabell VII syner korleis produksjonen er fordelt på dei einskilde fylka.

Tabell 8. Produksjon av smør og ost. Tonn.

	1938	1950	1954	1955	1956	1957	1958
Smør	14 521	11 532	10 636	10 517	12 487	15 655	13 422
Gaudaost { heilfeit	4 677	8 141	10 099	10 311	12 880	12 459	13 954
{ halvfeit	855	682	60	41	60	40	49
Nøkkelost { heilfeit	339	628	3 844	3 186	3 716	2 917	3 588
{ halvfeit	1 415	2 051	303	227	225	221	208
Edamost	542	216	1 193	845	752	583	798
Sveitsarost	552	119	301	258	340	311	275
Normannaost	—	583	899	1 017	1 187	919	1 098
Tilsiter ¹	—	—	—	—	—	—	1 000
Cheddar ¹	—	—	—	—	—	—	78
Gamalost	287	261	478	516	433	246	334
Pultost	652	685	620	656	678	465	694
Saupost	—	28	28	29	71	214	121
Andre ostesortar	1 517	734	205	216	499	1 141	674
Kvitost i alt	10 836	14 128	18 030	17 302	20 841	19 516	22 871
Kasein til fôr	311	97	532	882	268	265	199
Kasein til tørking	3 195	3 959	4 039	3 799	5 148	5 593	4 678
Geitost, ekte	435	737	977	1 069	1 246	1 444	1 092
Gudbrandsdalsost	—	266	6 283	6 668	6 691	6 147	7 369
Geitost, blanda	3 996	4 869	613	746	789	899	1 155
Fløyte- { heilfeit	80	1 205	3 328	2 547	2 911	2 715	3 474
mysost { halvfeit	1 205	3 877	499	466	318	280	277
Mysost	1 723	205	43	44	11	13	19
Prim	366	242	307	354	445	445	644
Brunost i alt	7 805	11 401	12 050	11 894	12 411	11 943	14 030

¹ Før 1958 teken med under Andre ostesortar.

Tabell 9. Innvegen mjølkemengd og produksjon av smør og ost 1900 — 1958. Kondenseringsfabrikkane ikkje med.

År	Innvegen mjølkemengd tonn	Produsert i alt tonn					
		Smør	Magerost	Feitost	Kasein	Geit- og fløyte-mysost	Mager mysost og prim
1900	166 024	3 580	1 341	1 256	—	—	1 716
1910	238 689	3 707	3 044	1 772	—	—	2 981
1920	247 735	1 157	2 427	4 465	—	—	4 201
1930	402 260	3 945	2 524	5 964	1 271	3 734	2 408
1938	697 697	14 521	2 044	8 792	3 506	5 716	2 089
1945	336 738	4 107	747	1 170	310	1 432	505
1950	978 128	11 532	1 655	12 473	4 056	10 954	447
1955	1 048 844	10 517	1 223	16 079	4 681	11 497	398
1956	1 124 924	12 487	1 201	19 640	5 416	11 955	456
1957	1 185 322	15 655	1 014	18 502	5 858	11 484	459
1958	1 166 717	13 422	1 176	21 695	4 877	13 367	763

Etter årsmeldinga frå Norske Melkeprodusenters Landsforbund vart det i 1958 produsert 2 115 tonn fjell- og gardssmør som hadde lovleg krav på tilskot. I 1957 var det oppgitt 2 629 tonn fjell- og gardssmør. Vidare vart det i 1958 gitt tilskot til 153 tonn gards- og sæterost. Av dette var 149 tonn ekte geitost (F.G.) og 4 tonn blanda geitost (B.G.)

3. Sal av mjølk og fløyte til konsum.

Sidan 1938 er det i oppgåvene over mjølkesalet skilt mellom sal til konsum og sal til anna bruk, til dømes til bakeri og anna matvareindustri. Tabell VIII syner mjølkesalet i kvart fylke, medan tabell 10 gir eit oversyn over mjølkesalet til konsum for heile landet.

Tabell 10. Sal av mjølk til konsum. Tonn.

År	Heil-mjølk	Kulturmjølk		Skuma-mjølk	Saup	Fløyte			I alt	
		uskuma	skuma			10 pct		20 pct.		
						van-leg	steri-lisert			
1935..	103 144	2 006	—	48 828	4 902	—	—	9 419	2 035	170 334
1938..	131 406	1 435	—	46 579	5 488	—	—	9 073	2 312	196 293
1945..	223 555	1 652	—	32 876	3 322	1	—	—	—	261 406
1950..	384 467	8 439	—	13 838	829	2 860	—	—	15 042	425 475
1955..	403 442	16 855	2 290	6 997	508	45	1 761	2 278	13 965	448 141
1956..	408 408	17 347	2 364	6 188	609	20	1 954	2 118	14 143	453 151
1957..	418 621	19 392	2 514	7 489	518	12	1 991	2 141	14 531	467 209
1958..	423 217	20 007	3 253	12 730	593	130	2 069	2 153	14 531	478 683

Oppgåvene syner at det har vore auke i konsumsalet av alle mjølk- og fløytesortar. I alt gjekk konsumsalet opp frå 467 209 tonn i 1957 til 478 683 tonn i 1958. Av dette vart 281 100 tonn eller 58,7 prosent omsett på flasker og kartongar. Tilsvarende tal for 1957 var 277 643 tonn eller 59,4 prosent.

Omrekna til heilmjolk viser oppgåvene at konsumsalet var 591 200 tonn eller 49,9 prosent av den innvegne mjølkemengda i 1958 mot 589 302 tonn eller 49,3 prosent i 1957.

4. Mjolk nytta i industrien.

Oppgåvene i denne bolken femner om mjolk som vert nytta til annan produksjon enn vanlege meieriprodukt. Dei femner såleis om all mjolk og fløyte som meieria sjølve og kondenserings- og tørrmjølkfabrikkane har nytta til kondensering, mjølkepulver og iskrem. I tillegg kjem den mjølka og fløyten som meieria har selt til industriforbruk med frådrag for dei mengder mjolk og fløyte som kondenserings- og tørrmjølkfabrikkane har motteki frå meieria. Sal til industriforbruk er definert som sal til margarin, hermetikk- og kondenseringsfabrikkar, tørrmjølkannlegg, bakeri, konditori, iskremfabrikkar o. a. næringsmiddelindustriar m. v.

I 1958 vart det i industrien nytta i alt 70 781 tonn mjolk og fløyte mot 79 285 tonn i 1957. Det har i 1958 vore nedgang i bruken av heilmjolk, skumamjolk, saup og fløyte, medan det er ein liten auke i bruken av kulturmjolk og krem. I tabell IX er det oppgåve for kvart fylke over mjolk nytta i industrien.

Tabell 11. Mengda av mjolk og fløyte nytta i industrien. Tonn.

Ar	Heilmjolk	Kulturmjolk		Skumamjolk	Saup	Fløyte			I alt
		uskuma	skuma			10 pet.	20% og annan	krem 35 pet.	
1954.....	34 169	153	417	25 212	81	48	101	1 102	61 283
1955.....	34 731	157	923	32 761	61	25	152	1 264	70 074
1956.....	34 455	144	528	42 730	42	256	125	1 172	79 452
1957.....	31 738	138	526	45 437	63	121	80	1 182	79 285
1958.....	28 062	167	663	40 540	30	52	46	1 221	70 781

Etter oppgåver frå margarinkontrollen vart det i 1958 produsert 98 093 tonn margarin, matfeitt og feittemulsjon. Til dette og til avgiftsfri produksjon av 490 tonn matolje, 62 tonn feitt i fat og 1 129 tonn andre produkt vart det brukt 136 tonn heilmjolk, 3 125 tonn skumamjolk og saup og 139 tonn mjølkepulver. I 1957 vart det produsert 99 527 tonn margarin, matfeitt og feittemulsjon og nytta 66 tonn heilmjolk, 3 301 tonn skumamjolk og saup og 138 tonn mjølkepulver.

Kondensering av mjolk vart i 1958 drivi ved 4 fabrikkar, medan framstilling av mjølkepulver gjekk for seg ved 1 kondenseringsfabrikk og 6 verksemder tilhøyrande meieriorganisasjonane.

Sidan 1. juli 1950 har det vori pålagd ei avgift på kr. 1,00 pr. liter is til konsum. I 1958 vart det betalt avgift for 5,87 mill. liter mot 5,47 mill. liter i 1957.

5. Sal av smør, ost og mysost.

a. Innalandsk sal.

Oppgåvene over innalandsk sal av smør og ost er innhenta frå Norske Meieriers Salgssentral og ostefabrikkar utanom meieribruket. Tabell 12 syner innalandsk sal delt på hovudgrupper dei siste 5 åra, medan tabell X har spesifiserte oppgåver for kvar månad i 1958.

Tabell 12. Innlandsk sal av smør og ost 1954 —
1958. Tonn.

År	Smør	Kvitost	Smelteost	Brunost	Ost i alt
1954	8 485	14 398	1 351	11 463	27 212
1955	9 365	13 912	1 584	11 311	26 807
1956	8 805	14 438	1 359	11 725	27 522
1957	9 072	15 285	1 905	12 245	29 435
1958	9 641	14 666	2 210	13 156	30 032

b. Utførsle og innførsle.

Tabell 13 syner utførsle av smør og utførsle og innførsle av ost frå 1954 til 1958. I statistikken over vareomsetnaden med utlanda var utførsla av ost fram til og med 1956 delt i to grupper, nemleg mysost og geitost og annan ost. Frå 1957 er annan ost delt i hard løypeost, smelteost og annan ost. I gruppa annan ost kjem no halvharde og mjuke dessertostar. Innførsla av ost er etter måten liten, og det er for det meste dessertostar som vert innførde. Jamført med 1957 er det i 1958 nedgang i utførsla av smør, kvitost og smelteost, medan utførsla av brunost syner ein liten auke.

Tabell 13. Utførsle og innførsle av smør og ost.¹

År	Utførsle								Innførsle	
	Smør		Kvitost		Smelteost ²		Brunost		Ost	
	Tonn	1000 kr.	Tonn	1000 kr.	Tonn	1000 kr.	Tonn	1000 kr.	Tonn	1000 kr.
1954	1 505	10 785	1 294	7 205	—	—	227	1 402	334	1 437
1955	1 707	11 839	1 690	9 277	—	—	264	1 690	349	1 524
1956	4 266	28 651	3 441	15 972	—	—	295	1 903	140	796
1957	7 342	45 621	4 817	17 825	1 406	7 689	248	1 746	151	991
1958	4 311	20 465	4 342	14 414	1 153	6 637	253	1 790	231	1 224

¹ Om gruppering av ost i handelsstatistikken, sjå teksten. ² I oppgåvene før 1957 er smelteost rekna saman med kvitost.

6. Retur og oppføring av skumamjolk, saup, mjølkepulver og myse.

Ein har oppgåver over magermjolk og myse i retur til leverandørane, til oppføring på meieria og seld til andre til fôr.

I 1958 vart i alt returnert til leverandørane 245 742 tonn skumamjolk, 13 083 tonn saup og 103 916 tonn myse. I 1957 var tala i same rekkjefylgje 292 120 tonn, 15 935 tonn og 90 713 tonn. Om lag 0,9 prosent av skumamjølka, 0,001 prosent av saupet og 1,2 prosent av mysa vart returnert gratis. I 1957 vart i same rekkjefylgje 0,9, 0,03 og 2,4 prosent returnert gratis.

I dei seinare åra har meieriorganisasjonane bygd fleire tørrmjølkanelegg med serleg sikte på å produsera mjølkepulver av skumamjølka i dei periodane ein har mest av ho og har vanskar med å få ho nytta anten til retur eller sal. Mjølkepulveret vert returnert til leverandørane i staden for eller som supplerer av skumamjolk når det er for lite av ho, men ved sida av retur går det og noko til sal. Retur av mjølkepulver vart medteken i statistikken fyrste gongen for 1956. Det året vart det returnert 803 tonn mjølkepulver. Dette auka til 1 184 tonn i 1957 og 1 658 tonn i 1958.

Utanom retur kjem magermjølk etter fløyte levert beinveges til meieria. For 1958 er mengda av denne magermjølka rekna til 3 345 tonn mot 4 020 tonn i 1957. Det er då teke omsyn til svinn ved skuminga. I tabell 28 er det teke inn eit oversyn over korleis gratis returnert magermjølk og magermjølk etter fløytelevering er delt på fylka.

I tillegg til returnmjølka er det brukt til fôr på meieria og hos andre 1 231 tonn skumamjølk, 246 tonn saup og 5 081 tonn myse. I tabell V er det teke inn oppgåver for dei einskilde fylka over retur, oppfôring og sal av magermjølk, mjølkepulver og myse til fôr.

7. Mjølkeomsetnad utanom meieria.

Statistikken over mjølkesalet utanom meieria er sett opp etter dei oppgåver Omsetningsrådet har over avgiftspliktig sal. Desse oppgåvene har ein sidan 1932. Etter at riksoppgjjer for meierimjølka vart sett i verk i 1942 har det og vori betalt tilskot for mjølk levert direkte til forbrukar.

Føresegnene om avgiftsplikt for mjølkesal etter omsetnadslova for jordbruksvarer, var i dei fyrste åra lova galdt ikkje gjennomførde allstad. Lova vart etter kvart gjort gjeldande for nye strøk, og føresegnene har og vorti gjennomførde meir effektivt. Frå fyrst av er difor tala for mjølkeomsetnaden utanom meieria i dei einskilde områda ujamne frå år til anna. Sidan Riksoppgjjeret vart sett i verk, fell oppgåvene frå Omsetningsrådet over avgiftspliktig sal og oppgåvene frå Norske Melkeprodusenters Landsforbund over direkte levert mjølk som er betalt tilskot for, stort sett saman. Ein reknar nå med at så å seia all mjølkeomsetnad utanom meieria er komen med i oppgåvene.

Tabell 14. Omsetnad av mjølk utanom meieria
1954—1958¹. Liter.

Mjølkesentral	1954	1955	1956	1957	1958
Østlandets	10 029 961	8 535 847	7 732 801	6 792 449	2 124 093
Telemark	1 185 216	990 072	976 076	1 055 405	206 497
Aust-Agder	1 143 856	992 290	941 269	755 061	176 940
Vest-Agder	1 773 850	1 303 667	1 261 129	1 069 380	279 174
Vestlandske	4 321 349	4 030 930	4 249 598	4 523 773	2 126 305
Møre og Romsdal..	5 007 277	4 290 095	2 918 439	4 654 779	2 252 097
Trøndelag	3 020 371	1 708 273	1 625 293	1 724 605	686 801
Nord-Norges	4 086 458	3 860 959	5 964 610	4 873 558	4 898 121
I alt	30 568 338	25 712 133	25 669 215	25 449 010	12 750 028

¹ Etter oppgåve frå Omsetningsrådet og Norske Melkeprodusenters Landsforbund.

8. Måten mjølkefeittet er nytta på.

Ved fordeling av mjølkemengda etter kva ho blir nytta til, har ein lagt mengd mjølkefeitt til grunn for utrekningane. Når såleis til dømes alt feittet i mjølka er nytta til smørproduksjon og skumamjølk og saup er nytta til konsum eller produksjon av magerost, reknar ein at all mjølka er nytta til smørproduksjon.

Framgangsmåten vil difor føra til at dei produksjonsgruppene som nyttar skumamjolk og saup vert verdsette for lågt.

Oppgåvene over korleis mjølka er nytta syner at det har vori store endringar frå tid til anna. Den store auken i smørproduksjonen i 1930-åra må ein sjå i samanheng med påbodet av 1. november 1931 om smørinnblanding i margarinen. Sjå meir om dette i statistikken for 1944, side 15.

I 1958 vart 23,9 prosent av den innvegne mjølkemengda nytta til kinning, 22,9 prosent til ysting, 49,9 prosent til konsummjolk, og 3,3 prosent vart nytta i industrien. Samanlikna med 1957 er det nedgang for kinning og auke for ysting. Elles er det liten skilnad. Sjå tabell 15.

Tabell 15. Mjølke mengda i tonn etter bruken av mjølkefeitt.

År	I alt heimmjolk	Av dette nytta til:			
		Kinning	Ysting	Sal til konsum	Nytta i industrien
a. Absolutte tal					
1875	16 739	11 081	1 473	4 185	—
1900	184 024	89 436	12 514	64 040	18 034
1910	277 765	92 496	16 944	129 438	38 887
1920	281 434	30 113	44 467	171 956	34 898
1930	427 676	103 356	90 721	203 715	29 884
1938	710 217	350 301	124 990	211 012	23 914
1945	341 892	95 887	15 218	221 488	9 299
1950	991 411	250 985	157 843	542 178	40 405
1955	1 060 699	227 471	217 754	563 729	51 745
1956	1 136 120	266 949	247 617	575 315	46 239
1957	1 196 717	331 612	232 253	589 302	43 550
1958	1 184 632	282 962	270 854	591 200	39 616
b. Relative tal					
1875	100,0	66,2	8,8	25,0	—
1900	100,0	48,6	6,8	34,8	9,8
1910	100,0	33,3	6,1	46,6	14,0
1920	100,0	10,7	15,8	61,1	12,4
1930	100,0	24,2	21,2	47,6	7,0
1938	100,0	49,3	17,6	29,7	3,4
1945	100,0	28,0	4,5	64,8	2,7
1950	100,0	25,3	15,9	54,7	4,1
1955	100,0	21,4	20,5	53,2	4,9
1956	100,0	23,5	21,8	50,6	4,1
1957	100,0	27,7	19,4	49,3	3,6
1958	100,0	23,9	22,9	49,9	3,3

IV. Økonomisk resultat av meieridrifta.

1. Prisar på meieriprodukta.

Utsalsprisane for mjolk, som vart fastsett 11. mars 1957, og for fløyte som vart fastsett 11. juni 1957, galdt til 1. april 1958. Då vart prisane på mjolk, fløyte og smør sette opp. I samsvar med jordbruksavtala for 1958—1961 vart prisane for mjolk og ost sette opp frå 1. september 1958.

For mjolk, fløyte, smør og dei fleste osteslaga vart prisane fastsette av Prisdirektoratet som maksimalprisar.

Tabell 16. Maksimalprisar på mjølk og fløyte i utsal i 1958¹, prisgruppe I og II. Øre pr. liter.

	Frå 11. juni 1957		Frå 1. april 1958		Frå 1. sept. 1958	
	I	II	I	II	I	II
Heilmjølk	58	56	68	66	87	85
Uskuma kulturmjølk	63	61	73	71	92	90
Skumamjølk	32	30	32	30	38	36
Saup og skuma kulturmjølk	37	35	37	35	43	41
Fløyte med 10 pct. feitt	210	205	260	255	260	255
Fløyte med 20 pct. feitt	365	355	465	455	465	455
Konditorkrem med 35 pct. feitt	615	595	790	770	790	770

¹ Ved levering av mjølk og fløyte i flasker 5 øre pr. flaske i tillegg.

Tabell 17. Prisar på kløvermerkt smør og ost ved sal til detaljistar og store forbrukarar og ved sal til forbrukar. Kr. pr. kg.

	Maksimalprisar til detaljist					Maksimalpris til forbrukar	
	1/10 1940	1/7 1954	23/4 1956	5/6 1957	1/9 1958	10/6 ³ 1957	1/9 1958
Kløvermerkt meierismør	4,10	7,05	8,05	6,92	48,05	8,50	49,75
Off. godkjent gards- og fjellsmør	3,75	6,80	7,80	6,67	7,80	8,20	49,45
Sveitsarost heilfeit F. 45	3,35	7,20	8,70	7,35	9,20	9,55	11,65
Edamost, heilfeit F. 45	2,55	5,60	6,75	5,40	7,25	7,25	9,35
» heilfeit F. 40	2,45	5,40	6,55	5,20	7,05	7,00	9,10
Gaudaost, heilfeit F. 45	2,35	5,20	6,35	5,00	6,85	6,70	8,80
» halvfeit H. 30	2,05	4,35	5,50	4,15	6,00	5,55	7,65
Nøkkelost, heilfeit F. 45	2,40	5,30	6,45	5,10	6,95	6,80	8,90
» halvfeit H. 30	2,05	4,45	5,60	4,25	6,10	5,70	7,80
» kvartfeit K. 20	1,80	3,95	5,10	3,75	5,60	5,00	7,10
» mager M. 10	1,50	3,50	4,65	3,30	5,15	4,40	6,50
Normannaost, heilfeit F. 50 ²	2,95	5,65	6,90	5,55	7,40	7,65	9,75
Pultost, gjæra ¹	1,55	2,95	4,10	2,75	4,60	3,95	—
Gamalost ¹	2,30	5,80	6,45	5,10	6,95	7,20	—
Ekte geitost, heilfeit F. 33 ²	3,65	7,90	9,40	8,05	9,90	10,20	12,25
Gudbrandsdalsost, G. 35	—	5,25	6,40	5,05	6,90	6,75	8,80
Blanda geitost, B.G. 33 ²	2,50	5,00	6,20	4,85	6,70	6,50	8,55
Fløytemysost, heilfeit F. 33 ²	2,35	4,25	5,45	4,10	5,95	5,40	7,45
» halvfeit H. 20	1,75	3,55	4,75	3,40	5,25	4,55	6,60
Prim, vanleg ¹	1,05	2,40	3,55	2,20	4,05	3,15	—

¹ Maksimalprisane oppheva frå 1/7 1954 og ombyta med noteringsprisar. ² Inntil 1/7 1954 galdt prisane Normannaost F. 45, ekte geitost F.G. 28, blanda geitmysost B.G. 28 og fløytemysost F. 28. ³ Sone I. ⁴ Gjeld frå 1/4 1958.

2. Statstilskota til mjølkeproduksjonen.

Reglane for statstilskot til mjølkeproduksjon har vori endra mange gonger dei seinare åra. Føresegnene som gjeld no for statstilskot til regulering av prisane på mjølk og mjølkeprodukt, vart fastsette i kunngjeringar frå Prisdirektoratet av 1. juli 1956, og seinare endringar av 29. mars, 1. april og 1. oktober 1957, vidare ved endring av 1. april og 1. september 1958.

Dei samla statstilskota til mjølkeproduksjonen var 325,7 mill. kr. i 1958—59 mot 450,0 mill. kr. i 1957—58. Frå 1. juli 1958 er frakttilskotet dekkja av kraftfôrfondet. For 1958—59 var dette kr. 8 458 453.

Tabell 18. Statstilskot til mjølk og mjølkeprodukt i budsjettåret 1958—59 i kroner.¹

Budsjettår	Forskot på riksoppgjæret	Direkte- everan- dører	Fjell- og gardsmør	Gards- og sæterost	Prisreduert smør og ost	Frakt- tilskot lange mjølkeruter	Sertilskot Sør-Noreg	Sertilskot Nordland og Troms	Sertilskot Finnmark	Tilskot til konden- sert mjølk og tørr- mjølk	Driftstilskot	I alt tilskot
1954-55	175 179 860	3 018 111	12 174 611	1 028 885	11 879 566	7 416 740	22 123 919	8 068 305	1 342 373	—	23 824 498	266 056 868
1955-56	182 579 564	3 836 322	13 346 545	937 735	10 958 563	7 948 481	26 701 218	8 739 793	1 787 796	—	30 361 037	² 321 581 145
1956-57	215 187 371	3 795 517	14 536 681	756 326	15 978 410	8 206 300	30 658 434	9 922 137	3 188 874	—	66 716 435	³ 369 009 630
1957-58	292 680 829	3 159 126	13 658 440	781 619	22 674 113	7 901 466	30 229 423	10 474 728	3 742 391	483 734	64 243 830	450 029 699
1958-59	200 234 009	1 136 560	12 083 636	472 708	4 074 714	619 069	30 966 869	10 976 514	3 232 427	221 083	61 655 120	325 672 709
Mjølkesentralane 1958-59:												
Østlandets	79 211 229	19 879	1 670 102	—	875 063	49 610	6 164 687	—	—	—	19 307 999	107 298 569
Telemark	4 475 352	17 076	922 769	—	79 715	17 450	1 165 552	—	—	—	1 992 107	8 670 021
Aust-Agder	2 102 945	3 575	570 907	—	77 482	10 675	485 399	—	—	—	1 045 051	4 296 034
Vest-Agder	5 212 857	3 133	796 646	—	103 823	32 539	1 727 022	—	—	—	2 244 572	10 120 592
Vestlandske	50 605 311	85 580	3 189 725	—	943 269	192 131	11 605 448	—	—	—	14 217 912	80 839 376
Møre og Romsdal	12 184 130	307 761	540 171	—	352 789	77 039	5 263 091	—	—	—	5 576 217	24 301 198
Trøndelag	31 493 011	19 871	3 019 474	—	642 209	19 406	4 553 613	2 855	—	—	9 225 726	48 976 165
Nord-Norges ...	13 953 034	583 317	1 330 049	—	942 697	170 290	—	10 962 688	—	—	7 402 847	35 344 922
Finnmarks- meieria	996 140	96 368	7 908	—	57 667	49 929	—	—	3 232 427	—	642 689	5 083 128
Norske Meieriers Salgsentral ..	—	—	35 885	472 708	—	—	2 057	10 971	—	—	—	521 621
De Norske Mel- kefabrikker og Fellesmeieriet...	—	—	—	—	—	—	—	—	—	221 083	—	221 083

¹ Oppgave frå Landbruksdepartementet. ² I summen er medteke tilskot til tørkeskada strøk og kompensasjonstilskot. ³ I summen er medteke justeringar av tilskot til tørkeskada strøk og kompensasjonstilskot.

Tabell 19. Frakttilskot av kraftfôrfondet. Kroner.

Mjølkesentral	1958—59
Østlandets	1 689 174
Telemark	181 550
Aust-Agder	104 802
Vest-Agder	311 235
Vestlandske	1 570 173
Møre og Romsdal	1 215 453
Trøndelag	1 201 349
Nord-Norges	1 827 290
Finnmarksmeieria	357 427
I alt	8 458 453

3. Driftsresultatet.

I dei fylgjande oppgåvene over det økonomiske resultat av drifta har ein ikkje teke med kondenseringsfabrikkane utan at dei er serskilt nemnde.

Samla bruttovinning er summen etter at omsetnads- og utjamningsavgiftene er frådregne og utjamningstilskota er medtekne i inntektene. Vidare er verdet av mjølk og fløyte frå andre meieri frådregne både i brutto- og nettovinninga. Tabell XI gir oppgåver for dei einskilde fylka over bruttovinning, nettovinning og driftsutgifter i kr. i alt og i øre pr. kg mjølk. Brutto- pris, driftsutgifter og nettopris i øre pr. kg mjølk er utrekna på den mjølkemengd som er motteken beinveges frå leverandørane. I dei fylka som har teki imot suppleringsmjølk frå andre fylke vil difor bruttoprisen og driftsutgiftene utrekna i øre pr. kg mjølk beinveges frå leverandørane, vera noko høgare enn tala for dei einskilde meieria i tabell XIV, av di bruttovinninga og driftsutgiftene ved stellet av suppleringsmjølka kjem i tillegg. For dei fylka som sende suppleringsmjølk til andre fylke vert det omsnudd. Såleis syner tabell XI at driftsutgiftene for Akershus, utrekna i øre pr. kg mjølk, vert serleg høge av di dette fylke får mykje suppleringsmjølk frå andre fylke.

Tabell 20. Bruttovinning, driftsutgifter og nettovinning ved meieria. Kondenseringsfabrikkane ikkje med.

År	1000 kroner			Øre pr. kg mjølk		
	Bruttovinning av mjølka	Driftsutgifter	Nettovinning av mjølka	Brutto- pris	Driftsutgifter	Nettopris
1925.....	124 949	17 334	107 615	35,6	4,9	30,7
1930.....	81 097	17 104	63 993	20,2	4,3	15,9
1935.....	94 147	17 659	76 488	17,88	3,35	14,53
1938.....	151 415	24 820	126 595	21,70	3,56	18,14
1945.....	149 793	27 790	122 003	44,48	8,23	36,25
1950.....	538 308	77 685	460 623	55,03	7,94	47,09
1955.....	787 228	125 352	661 876	75,06	11,95	63,11
1956.....	943 886	139 366	804 520	83,91	12,39	71,52
1957.....	1 006 533	154 646	851 887	84,92	13,05	71,87
1958.....	1 020 116	165 521	854 595	87,44	14,19	73,25

Tabell 21. Mjølkekemengd, brutto- og nettovinning og driftsutgifter ved meieria i relative tal når 1938 = 100. Kondenseringsfabrikkar ikkje med.

År	Innvegen mjølkemengd	Kroner i alt			Øre pr. kg mjølk		
		Brutto	Driftsutgifter	Netto	Brutto	Driftsutgifter	Netto
1945	48,3	98,9	112,0	96,4	205,0	231,2	199,8
1950	140,2	355,5	313,0	363,9	253,6	223,0	259,6
1955	150,3	519,9	505,1	522,8	345,9	335,7	347,9
1956	161,2	623,4	561,5	635,5	386,7	348,0	394,3
1957	169,9	664,8	623,1	672,9	391,3	366,6	396,2
1958	167,2	673,7	666,9	675,1	402,9	398,6	403,8

Tabell 20 syner bruttovinning, driftsutgifter og nettovinning i kr. i alt og i øre pr. kg mjølk for ein del år frå 1925 til 1958. For å syna utviklinga dei seinare åra har ein i tabell 21 stelt saman oppgåver i relative tal over innvegen mjølkemengd, brutto- og nettovinning og driftsutgifter ved meieria for åra 1945—1958 og sett 1938-tala til 100.

Samanlikna med 1938 (sett til 100) syner det seg at mjølkemengda i 1958 har auka til 167,2, medan bruttovinninga i kr. har auka til 673,7 og bruttoprisen (bruttovinninga i øre pr. kg mjølk) til 402,9. På same tid hadde nettoprisen auka relativt til 403,8 og driftsutgiftene i øre pr. kg til 398,6.

a. Bruttovinning.

Bruttovinninga ved meieria var 1 020,1 mill. kr. i 1958 mot 1 006,5 mill. kr. i 1957. Dette svarar til 87,44 og 84,92 øre pr. kg innvegen mjølk. Av dei 1 020,1 mill. kr. var 8,2 mill. kr. nettovinning av anna verksemd. Som anna verksemd er rekna mjølkeutsal, innkjøpslag, rente- og husleigeinntekter m. v. Nokre meieri har ikkje skilt ut fullstendig anna verksemd. Ein reknar difor med at nettovinninga av denne ligg noko høgare enn det ein har fått fram. Fylkestal for summene er tekne med i tabell XI.

b. Driftsutgifter.

Driftsutgiftene var i 1958 i alt 165,5 mill. kr. eller 14,19 øre pr. kg innvegen mjølk mot 154,6 mill. kr. eller 13,05 øre pr. kg i 1957.

Tabell 22, driftsutgiftene delte på dei einskilde utgiftspostane, syner at løner med pensjons- og trygdeprenie m. v. svarar til mest ein tredjepart av alle driftsutgiftene, medan utgiftene til brensel, kraft, vatn og kjøling utgjer ein niandepart. Utgiftene til frakt og køyring er dei transportutgiftene meieria har på mjølk og mjølkeprodukt, etter at mjølka er innvegen. Utgifter til transport av mjølk frå leverandørane til meieri er ikkje medtekne i driftsutgiftene til meieria, men er med som serskild post under andre utreisler til leverandørane. Sjø meir om dette under den fylgjande bolken om nettovinninga. Vedlikehaldsutgiftene utgjorde i 1958 1,48 øre pr. kg eller 10,4 prosent av alle driftsutgiftene.

Tabell 22.

Spesifiserte driftsutgifter ved meieria.

Driftsutgifter	1954	1955	1956	1957	1958	1954	1955	1956	1957	1958	1954	1955	1956	1957	1958
	1000 kroner					Øre pr. kg innvegen mjølk					Relative tal				
Løner	36 353	39 921	44 039	47 302	51 000	3,50	3,81	3,91	3,99	4,37	32,2	31,9	31,5	30,6	30,8
Sosiale utgifter	2 255	2 658	3 606	4 685	4 530	0,22	0,25	0,32	0,40	0,39	2,0	2,1	2,6	3,1	2,7
Kraft, vatn og kjøling .	3 405	3 881	3 761	4 888	5 987	0,33	0,37	0,33	0,41	0,51	3,0	3,1	2,7	3,1	3,6
Brensel	8 100	8 257	9 906	11 430	8 849	0,78	0,79	0,88	0,96	0,76	7,2	6,6	7,1	7,4	5,3
Driftsrekvisita og hjelpemiddel	5 215	5 222	5 546	6 698	6 418	0,50	0,50	0,49	0,57	0,55	4,6	4,2	3,9	4,4	3,9
Emballasje	7 054	8 663	9 753	10 618	11 822	0,68	0,82	0,87	0,90	1,01	6,3	6,9	7,0	6,9	7,1
Frakter og kjøring ...	14 290	15 593	15 366	15 276	18 999	1,37	1,49	1,37	1,29	1,63	12,7	12,5	11,1	9,9	11,5
Kontorutgifter, skattar, assuransse m. m.....	5 484	6 091	6 854	8 425	8 090	0,53	0,58	0,61	0,71	0,69	4,8	4,8	4,9	5,4	4,9
Renter av gjeld	2 175	3 066	3 590	3 911	4 269	0,21	0,29	0,32	0,33	0,37	1,9	2,4	2,6	2,5	2,7
Forrentning av partskap.	707	752	748	725	813	0,07	0,07	0,07	0,06	0,07	0,6	0,6	0,6	0,5	0,5
Vedlikehold	11 165	12 063	14 385	17 077	17 258	1,07	1,15	1,28	1,44	1,48	9,9	9,6	10,3	11,0	10,4
Ymse	928	683	1 241	1 745	1 825	0,09	0,07	0,11	0,15	0,16	0,8	0,6	0,9	1,1	1,1
Avskrivning på meieri- bygg og utstyr	15 767	18 502	20 571	21 866	25 661	1,51	1,76	1,83	1,84	2,20	14,0	14,7	14,8	14,1	15,5
I alt	112 898	125 352	139 366	154 646	165 521	10,86	11,95	12,39	13,05	14,19	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

c. Nettovinning.

Samla nettovinning av meieridrifta var i 1958 854,6 mill. kr. svarande til 73,25 øre pr. kg innvegen mjølk. For 1957 var nettovinninga 851,9 mill. kr. eller 71,87 øre pr. kg mjølk.

Tabell 23. Nettovinning av meieridrifta. Pengar i alt til disposisjon og korleis desse er nytta.

År	Netto- vinning av drifta	Overført frå året før	I alt til disposisjon	Utbetalt leveran- dorene	Andre ut- reiser til leveran- dorene	Avsetnader, overføringar og tilskot til sos. foremål	Underskot
1000 kroner							
1938	126 595	—	126 595	123 531	—	3 122	58
1940	145 061	—	145 061	141 576	441	3 109	65
1945	122 066	—	122 066	116 846	444	4 789	13
1950	460 623	—	460 623	438 460	4 981	17 202	20
1955	661 876	2 131	664 007	631 367	20 364	12 364	88
1956	804 520	1 915	806 435	768 859	22 759	14 817	—
1957	851 887	2 539	854 426	816 948	24 430	13 048	—
1958	854 595	2 468	857 063	817 677	26 648	12 738	—
Øre pr. kg innvegen mjølk							
1938	18,15	—	18,15	17,71	—	0,45	0,01
1940	22,56	—	22,56	22,02	0,07	0,48	0,01
1945	36,25	—	36,25	34,70	0,13	1,42	—
1950	47,09	—	47,09	44,82	0,51	1,76	—
1955	63,11	0,20	63,31	60,20	1,94	1,18	0,01
1956	71,52	0,17	71,69	68,35	2,02	1,32	—
1957	71,87	0,21	72,08	68,92	2,06	1,10	—
1958	73,25	0,21	73,46	70,08	2,29	1,09	—
Relative tal							
1938	100,0	—	100,0	97,5	—	2,5	—
1940	100,0	—	100,0	97,6	0,3	2,1	—
1945	100,0	—	100,0	95,7	0,4	3,9	—
1950	100,0	—	100,0	95,2	1,1	3,7	—
1955	99,7	0,3	100,0	95,1	3,1	1,8	—
1956	99,8	0,2	100,0	95,4	2,8	1,8	—
1957	99,7	0,3	100,0	95,6	2,9	1,5	—
1958	99,7	0,3	100,0	95,4	3,1	1,5	—

Ved meieria som i andre samyrkeorganisasjonar er det årsmøtet som endelig fastset korleis nettovinninga skal nyttast. Mange meieri fører noko av vinninga over til året etter slik at det fyrst vert årsmøtet dette året som avgjer kva pengane skal brukast til. Dei summene som står til disposisjon vil såleis vera noko større enn nettovinninga av meieridrifta i året.

I tabell 23 har ein teke med nettovinninga av meieridrifta, pengar i alt til disposisjon og korleis desse er delte på ymse hovudpostar. I publikasjonane for 1953, 1954 og 1955 har ein ikkje slik spesifisering. Det som var overført vart då medrekna i nettovinninga.

Ein del av nettovinninga blir ikkje utbetalt leverandørane direkte, men er nytta til nytt utstyr og nybygg, fonds eller andre føremål som kjem leverandørane til godes. Noko blir og gitt bort som tilskot til t.d. ymse sosiale føremål, gaver o. l.

Det som i alt står til disposisjon er delt på tre hovudpostar, nemleg:

Utbetalt til leverandørane.

Andre utreisler til leverandørane.

Avsetnader, overføringar og tilskot til sosiale føremål.

I tabell 23 har ein sett opp desse postane frå 1938 til 1958.

Summane som er utbetalt leverandørane i året femner og om statens sertilskot til visse distrikt og statens driftstilskot, dessutan det som er betalt i etterskot. Driftstilskotet som er rekna med i 1958 gjeld for budsjettåret 1957—58. Dette vert utbetalt under eitt som etterskot for budsjettåret. Resten av statstilskota er medtekne i mjølkepengane som blir utbetalt kvar månad.

Tabell 24. Utbetalt leverandørane.

År	Utanom sertilskot og driftstilskot		Statens sertilskot	Statens tilskot til turkeskada strøk	Statens driftstilskot	I alt
	for kumjolk	for geitemjolk				
1000 kroner						
1954.....	536 154		22 129	—	21 640	579 923
1955.....	561 671		31 138	10 730	27 828	631 367
1956.....	691 024		35 919	6 965	34 952	768 860
1957.....	701 466	17 793	39 713	—	57 976	816 948
1958.....	701 867	16 061	40 968	—	58 781	817 677
Øre pr. kg innvegen mjolk						
1954.....	51,57		2,13	—	2,08	55,78
1955.....	53,55		2,97	1,02	2,65	60,19
1956.....	61,43		3,19	0,62	3,11	68,35
1957.....	160,17	191,05	3,35	—	4,89	68,92
1958.....	260,07	292,18	3,51	—	5,04	70,08
Relative tal						
1954.....	92,5		3,8	—	3,7	100,0
1955.....	89,0		4,9	1,7	4,4	100,0
1956.....	89,9		4,7	0,9	4,5	100,0
1957.....	88,0		4,9	—	7,1	100,0
1958.....	87,8		5,0	—	7,2	100,0

¹ Gjennomsnitt for ku- og geitemjolk er 60,58 øre. ² Gjennomsnitt for ku- og geitemjolk er 61,53 øre.

Andre utreisler til leverandørane femner om tiltak som tener til å få mjølka fram til meieriet, til å auka mjølkeproduksjonen og gjera denne meir lønsam for leverandørane. Dei to største postane gjeld køyring av leverandørane si mjolk til meieriet. Staten har gjeve tilskot til lange mjølkeruter etter nærare fastsette reglar. Frå 1. juli 1958 er dette frakttilskotet dekkja av kraftførfondet. Ein del av meieria betalar så heilt eller delvis den luten av utgiftene til inntransport som overstig tilskota, medan andre ikkje betalar

noko. Kor stor del av transportutgiftene som fell direkte på leverandørane har ein ikkje noko oversyn over. I statistikken er statens tilskot og meieriets tilskot spesifiserte kvar for seg. Vidare har ein spesifisert utgifter til fjøskontrollaga, og frå 1953 har ein skilt ut ein diversepost som femner om fealstiltak, dyrlækjarkontroll o. l.

Tabell 25. Andre utreisler til leverandørane.

År	Statens tilskot til inntransport av mjølk	Meieriets tilskot til inntransport av mjølk	Utgifter til fjøskontrollaga	Diverse	I alt
1000 kroner					
1954.....	7 708	6 964	3 704	305	18 681
1955.....	7 727	8 185	4 208	244	20 364
1956.....	9 017	9 873	3 494	375	22 759
1957.....	7 970	12 372	3 465	622	24 429
1958.....	8 639	13 464	3 945	600	26 648
Øre pr. kg innvegen mjølk					
1954.....	0,74	0,67	0,36	0,03	1,80
1955.....	0,74	0,78	0,40	0,02	1,94
1956.....	0,80	0,88	0,31	0,03	2,02
1957.....	0,67	1,05	0,29	0,05	2,06
1958.....	0,74	1,16	0,34	0,05	2,29
Relative tal					
1954.....	41,3	37,3	19,8	1,6	100,0
1955.....	37,9	40,2	20,7	1,2	100,0
1956.....	39,6	43,4	15,4	1,6	100,0
1957.....	32,6	50,7	14,2	2,5	100,0
1958.....	32,4	50,5	14,8	2,3	100,0

Den parten av nettovinninga som går til avsetnader m. v. er delt på 4 einskildpostar. Den fyrste av desse, «Vanlege fonds», gjeld dei fond som meieria vanleg skal ha. «Nytt utstyr og nybygg» gjeld spesielle nybyggingsfonds og andre overføringar til spesielle føremål. «Ført over til komande driftsår» er overført utan at det er teke stode til kva pengane skal nyttast til.

I tillegg til dei tidlegare oppgåvene over nettovinninga kjem og det som er utbetalt til leverandørane for mjølk send beinveges til kondenseringsfabrikkane. I 1958 utgjorde desse utbetalingane kr. 11 261 316.

Den fylkesvise oppgåva i tabell XI og tabell 20 side 22 syner at nettovinninga for mjølk innvegen ved meieri i 1958 var kr. 854 595 000. Saman med utbetalinga for mjølk levert beinveges til kondenseringsfabrikkane blir samla nettovinning i alt kr. 865 856 000. Det svarar til 73,10 øre pr. kg innvegen mjølk. For 1957 var nettovinninga i alt kr. 859 394 000 eller 71,81 øre pr. kg.

Ved utrekningane pr. kg innvegen mjølk er den innvegne fløyten omrekna til heilmjølk, men verdet av magermjølk etter fløytelevering kjem ikkje med i rekneskapen for mjølka.

Ved nokre smør- og fløytemeieri kjem verdet av skumamjølk og saup heller ikkje med i rekneskapen av di kvar leverandør får skumamjølk og saup gratis

Tabell 26. Nytt til avsetnader, overføringer og tilskot til sosiale føremål.

År	Avsetnader og overføringer			Ymse tilskot og gåver	I alt
	Vanlege fonds	Nytt utstyr og nybygg	Ført over til komande driftsår		
1000 kroner					
1954.....	5 393	5 941	2 777	344	14 455
1955.....	6 061	3 263	2 568	472	12 364
1956.....	7 638	3 605	2 686	888	14 817
1957.....	6 030	2 576	4 090	353	13 049
1958.....	6 540	2 029	3 647	522	12 738
Øre pr. kg innvegen mjølk					
1954.....	0,52	0,57	0,27	0,03	1,39
1955.....	0,58	0,31	0,25	0,04	1,18
1956.....	0,68	0,32	0,24	0,08	1,32
1957.....	0,51	0,22	0,34	0,03	1,10
1958.....	0,56	0,17	0,31	0,05	1,09
Relative tal					
1954.....	37,3	41,1	19,2	2,4	100,0
1955.....	49,0	26,4	20,8	3,8	100,0
1956.....	51,6	24,3	18,1	6,0	100,0
1957.....	46,2	19,8	31,3	2,7	100,0
1958.....	51,4	15,9	28,6	4,1	100,0

Tabell 27. Nettovinning av all innvegen mjølk og kor mykje som er utbetalt frå kondenseringsfabrikkane.

År	All innvegen mjølk			Av dette utbetalt frå kondenseringsfabrikkane. 1000 kr.
	I alt 1000 kr.	Øre pr. kg	Relativt tal pr. kg når 1938=100	
1925.....	107 615	30,58	168,7	11 327
1930.....	68 334	15,98	88,1	4 341
1938.....	128 785	18,13	100,0	2 190
1950.....	466 713	47,08	259,7	6 090
1954.....	618 330	58,77	324,2	7 070
1955.....	668 890	63,06	347,8	7 013
1956.....	811 928	71,47	394,3	7 408
1957.....	859 394	71,81	396,1	7 508
1958.....	865 856	73,09	403,2	11 261

tilbake i høve til levert mjølkemengd. Skulle difor ei samanlikning mellom nettoprisane for dei einskilde fylka bli heilt rett, burde verdet av desse produkta koma i tillegg til den nettoprisen som er satt opp i tabellane XI og XIII.

Tabell 28 syner mengda og verdet av gratis returnert skumamjølk, saup og magermjølk etter fløytelevering for kvart fylke i 1958. Både gratis retur

av skumamjolk og saup til leverandørane og magermjolk etter fløytelevering til meieria har minka mykje dei siste åra. I 1958 var det i alt 5 762 tonn mot 6 640 tonn i 1957.

Tabell 28. Gratis retur av skumamjolk og saup, magermjolk etter fløytelevering i 1958.
Verdsett etter 10,0 øre pr. kg.

Fylke	Gratis returnert skumamjolk og saup	Magermjolk etter fløytelevering	I alt	Verd av gratis returnert skumamjolk og saup	Verd av magermjolk etter fløytelevering	I alt	Verd utrekna pr. kg innvegen mjolk
	Tonn	Tonn	Tonn	1000 kr.	1000 kr.	1000 kr.	Øre
Østfold	—	—	—	—	—	—	—
Akershus og Oslo	—	—	—	—	—	—	—
Hedmark	—	460	460	—	46	46	0,05
Oppland	—	87	87	—	9	9	0,01
Buskerud	—	107	107	—	11	11	0,02
Vestfold	—	637	637	—	64	64	0,17
Telemark	—	14	14	—	1	1	0,00
Aust-Agder	—	372	372	—	37	37	0,30
Vest-Agder	—	1 267	1 267	—	127	127	0,42
Rogaland	—	—	—	—	—	—	—
Hordaland og Bergen	—	—	—	—	—	—	—
Sogn og Fjordane	12	13	25	1	1	2	0,00
Møre og Romsdal	—	33	33	—	3	3	0,00
Sør-Trøndelag	—	72	72	—	7	7	0,01
Nord-Trøndelag	2 364	68	2 432	236	7	243	0,31
Nordland	—	149	149	—	15	15	0,03
Troms	—	45	45	—	5	5	0,01
Finmark	41	21	62	4	2	6	0,08
I alt	2 417	3 345	5 762	241	335	576	0,05

V. Driftsforma ved dei einskilte meieria.

I tabell I har ein delt meieria i produksjonsgrupper. Oppgåvene for desse gruppene har ein arbeid vidare med, og det er rekna ut medeltal for kvar gruppe. Då utviklinga har ført til allsidigare drift ved fleire meieri, har det etter kvart vorti vanskelegare å få skarpt åtskilte grupper. I dei fylgjande tabellar er det stilt saman medeltal for kvar driftsgruppe, og kvar gruppe er og delt i undergrupper etter mjølkemengd ved meieria. I tabell XIV er det innteke nokre oppgåver for kvart einskilt meieri og tilsvarande oppgåver for kvar gruppe og undergruppe.

Utrekningane over mjølkeforbruket ved produksjonen er grunna på mengd mjølkefeitt i dei einskilte produkta, og det er nytta dei feittala som Norske Melkeprodusenters Landsforbund har sett opp til det bruk. Frå og med 1957 har ein gått ut frå ein feittprosent i kumjølka på 3,90. På det grunnlag er det utrekna kor mange feitteiningar det går med til produksjon av eitt kilo smør og av eitt kilo av dei ymse osteslaga. Ein reknar fylgjande tal feitteiningar pr. kg:

Fløyte 10 prosent	10,6	feitteiningar	
Fløyte 20 »	21,0	»	
Krem 35 »	36,4	»	
Smør	85,0	»	
Sveitsarost F. 45	40,4	»	
Edamost	{ F. 45	32,0	»
Gaudaost	{ H. 30	18,8	»
Nøkkelost	{ K. 20	12,2	»
	{ M. 10	5,6	»
Normannaost	31,5	»	
Ekte geitost F.G. 33	}	27,0	»
Blanda geitost B.G. 33				
Gudbrandsdalsost G. 35	32,3	»	
Heilfeit fløytemysost F. 33	27,0	»	
Halvfeit » H. 20	16,4	»	

I tabell XIV har ein ved sida av nettovinninga teke med oppgåve over ser-skilde statstilskot i øre pr. kg mjølk både for kvart meieri og for kvar gruppe. Desse tilskota som femner om statens sertilskot til visse distrikt, driftstilskot og statens tilskot til inntransport av mjølk til meieri, skifter nemleg mykje frå distrikt til distrikt. Ved samanlikning av nettovinninga for dei enskilde meieri og meierigrupper må ein difor ta omsyn til storleiken av desse tilskota.

Ein annan ting som gjer samanlikning mellom dei enskilde meieri og grupper av meieri vanskeleg, er at betalinga for geitemjolk er mykje høgare enn for kumjolk. Når geitemjølka i prosent av all innvegen mjølk skifter frå meieri til meieri, vil det verka på utrekna nettovinning. Vidare vil ein nemne at nokre meieri har etter måten store inntekter av «andre verksemdar» som transportavdeling, innkjøpslag, potetkokeri- og halmlutingsanlegg m. v. Det gjer og sitt til at ein ikkje utan vidare kan samanlikne oppgåvene over nettovinninga pr. kg mjølk direkte.

Dei årsoppgåver ein har gir diverre ikkje grunnlag for å seia kor mykje mengda av geitemjolk og inntekter frå andre verksemdar verkar på nettovinninga.

1. Mjølkesalsmeieri.

Dei meieri som er med i denne gruppa, har selt minst 75 prosent av mjølka i småsal (konsumsal) som mjølk og fløyte. I medeltal for heile gruppa vart 89,3 prosent av mjølka seld til konsum.

I 1958 var det 41 mjølkesalsmeieri, og i medeltal var samla mjølkeomsetnad pr. meieri 7 774 tonn. 45,5 prosent av mjølka var innvegen frå andre meieri. Utanom til konsum er 2,5 prosent seld til industriforbruk, 2,4 prosent levert til andre meieri og 5,8 prosent er nytta til produksjon av ost og smør.

I 1958 hadde mjølkesalsmeieria ei nettovinning på 73,98 øre pr. kg mjølk, og driftsutgiftene var i medeltal 15,18 øre pr. kg. Av driftsutgiftene merker ein seg at utgifter til frakter og køyring er etter måten store ved mjølkesalsmeieria. Av samla nettovinning var 7,15 øre sertilskot frå staten. Storleiken av tilskota skifter mykje både etter distrikt og etter mjølkemengd pr. leverandør (driftstilskotet). Skilnaden i nettovinning mellom dei ymse storleiksgruppene heng for ein stor del saman med skilnaden i statstilskotet.

Tabell 29. Korleis mjølka er nytta og økonomisk resultat av drifta ved mjølkesalsmeieria i 1958.

Mjølkekemengd i tonn	Meieri som er med	Av innvegen mjølkekemengd er motteki frå andre meieri pct.	Utnytting i pct.				Pet. returnert skum mjølk og saup	Driftsutgifter Øre pr. kg mjølk	Nettovinning Øre pr. kg mjølk	Av dette statens sertilskot Øre pr. kg mjølk
			Konsumsal	Sal til industriforbruk	Sal til andre meieri	Produksjon				
Mindre enn 2000	18	32,2	95,3	0,7	1,6	2,4	9,6	15,10	77,90	11,33
2000—5000.....	10	27,2	93,3	2,9	1,2	2,6	7,4	13,17	92,19	18,97
5000 og meir ...	13	49,2	88,2	2,6	2,7	6,5	8,3	15,46	69,92	4,30
Mjølkesalsmeieri i alt	41	45,4	89,2	2,5	2,4	5,8	8,3	15,18	73,98	7,15

2. Samlestasjonar.

For å vera med i denne gruppa må vedkomande meieri vera tilslutta eit større sentralmeieri og all innvegen mjølk må vera seld som mjølk og fløyte.

Det meste av mjølka blir levert til sentralmeieriet, men noko blir og seld til konsum på staden. I 1958 vart 25,3 prosent seld på denne måten. I 1958 var talet på samlestasjonar 119. Samlestasjonane er ikkje tekne med i tabell XIV. Tabell 30 syner nokre medeltal for gruppa.

Tabell 30. Mjølkekemengd pr. meieri, mjølkesal, driftsutgifter og nettovinning ved samlestasjonane i 1958.

Mjølkekemengd i tonn	Meieri som er med	Innvegen mjølkekemengd pr. meieri tonn	Konsumsal på staden pct.	Leverd til andre meieri pct	Driftsutgifter Øre pr. kg mjølk	Nettovinning Øre pr. kg mjølk	Av dette statens sertilskot Øre pr. kg mjølk
Mindre enn 2000	94	552	21,1	78,9	5,18	71,69	8,63
Mindre enn 500	49	246	9,9	90,1	5,23	73,66	10,88
500—1000.....	30	716	21,9	78,1	4,93	70,78	7,06
1000—2000.....	15	1 229	28,6	71,4	5,46	71,36	8,94
2000—5000.....	21	3 120	26,0	74,0	6,60	69,76	3,88
5000 og meir ..	4	7 165	32,4	67,6	6,46	68,63	3,29
Samlestasjonar i alt	119	1 228	25,3	74,7	6,01	70,30	5,64

Innvegen mjølkekemengd pr. meieri i 1958 var 1 228 tonn. I medeltal hadde gruppa ei nettovinning på 70,30 øre pr. kg mjølk, og driftsutgiftene var 6,01 øre pr. kg. Av nettovinninga var 5,64 øre særskilde statstilskot. Årsaka til dei høge statstilskota for dei minste samlestasjonane heng saman med at ein fyrst og fremst finn desse i Hordaland, der mjølkeprodusentane utanom drifttilskot og har krav på ekstra statstilskot til fjord- og fjellbygder i Sør-Noreg.

Dei største utgiftspostane ved samlestasjonane er løner og sosiale utreisler med 35,2 prosent, frakter og køyring 16,9 prosent og avskrivning på meieribygg og utstyr med 15,2 prosent.

3. Smør- og fløytemeieri.

Denne gruppa femner om dei meieria som nyttar minst 75 prosent av innvegen mjølkemengd til kinning. Tidlegare har denne gruppa vori delt i smør- og fløytemeieri alt ettersom storparten av mjølkemengda var innvegen som mjølk eller fløyte. Fløyten er omrekna til heilmjølk med same feittprosent som i kumjølka motteken frå leverandørane.

Nokre meieri som etter definisjonen framfor skulle reknast som smørmeieri (gamalostysteria) er skilt ut som eiga gruppe. Smør- og fløytemeieria sender det meste av skumamjølka attende til leverandørane.

I 1958 var det 23 smør- og fløytemeieri, og i medeltal for heile gruppa var det innvege 2 208 tonn pr. meieri. 86,5 prosent av mjølka vart nytta til smørproduksjon, 11,3 prosent var konsumsal, sal til andre meieri og sal til industriforbruk og 2,2 prosent gjekk til annan produksjon. 72,4 prosent av skumamjølka vart returnert til leverandørane.

Tabell 31. Korleis mjølka er nytta og økonomisk resultat av drifta ved smør- og fløytemeieria i 1958.

Mjølkemengd i tonn	Meieri som er med	Feittpet. i ku- mjølka	Utnytting i pct.				Kg smør pr. 100 kg heilmjølk til produksjon	Pet. returnert skumamjølk og saup ¹	Pet. gratis re- turnert skuma- mjølk og saup ¹	Driftsutgifter Øre pr. kg mjølk	Nettovinning Øre pr. kg mjølk	Av dette statens sertilskot Øre pr. kg mjølk
			Sal til konsum	Sal til andre meieri og industri	Smørproduk- sjon	Annan pro- duksjon						
Mindre enn 2000	11	4,07	5,6	1,8	90,5	2,1	4,65	72,0	4,3	7,66	76,39	12,02
2000—5000	12	4,04	8,2	² 4,4	85,1	2,3	4,67	72,5	5,1	7,70	76,41	11,26
5000 og meir ..	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
Smør- og fløyte- meieria i alt ...	23	4,04	7,6	³ 3,7	86,5	2,2	4,68	72,4	4,9	7,69	76,40	11,46

¹ Prosenten er utrekna av summen av innvegen mjølk og mjølk motteki frå andre meieri.

² Av dette 0,6 pct. til industriforbruk. ³ Av dette 0,4 pct. til industriforbruk.

I medel for 1958 hadde smør- og fløytemeieria ei nettovinning på 76,40 øre pr. kg. og driftsutgiftene var 7,69 øre pr. kg. Serskilde statstilskot utgjorde i medeltal 11,46 øre pr. kg innvegen mjølk.

4. Sætermeieri.

Denne gruppa har med meieri som får all mjølka si frå sætrar. Driftstida blir difor svært stutt, til vanleg 2,5—4,5 månad. Statistikken har i 1958 med berre 1 sætermeieri i Hordaland, og driftstida var vel 3 månader.

5. Mysostkokeri.

Denne gruppa femner om dei meieri som nyttar minst 50 prosent av mjølka til produksjon av ekte og blanda geitost og fløytemysost. Ostestoffet blir i stor mon nytta til kasein.

I 1958 var det 19 meieri med i denne gruppa. Mange av desse meieria ligg på grensa mot «Meieri med blanda drift». I medel var det i 1958 3 338 tonn

innvegen mjølk. Av den innvegne mjølka var 12,3 prosent geitmjølk mot 16,6 prosent i 1957. I medel for alle mysostkokeria vart 60,0 prosent av mjølkefeittet nytta til produksjon av ekte og blanda geitost og fløytemysost mot 61,4 prosent i 1957. Til smørproduksjon vart i 1958 nytta 11,9 prosent mot 22,9 prosent i 1957.

I medel for alle mysostkokeria var nettovinninga 79,09 øre pr. kg, driftsutgiftene 13,24 øre og serskilde statstilskot 13,29 øre pr. kg.

Tabell 32. Korleis mjølka er nytta og økonomisk resultat av drifta ved mysostkokeria 1958.

Mjølke­mengd i tonn	Meieri som er med	Geit- mjølk i pct. av inn- vegen mjøl- ke- mengd	Utnytting i pct.				Pet. retur- nert skuma- mjølk og saup	Drifts- utgif- ter Øre pr. kg mjølk	Netto- vinning Øre pr. kg mjølk	Av dette statens sertil- skot Øre pr. kg mjølk
			Kon- sum- sal	Sal til andre meieri og indu- stri- for- bruk	Smør- pro- duk- sjon	Mys- ost- pro- duk- sjon				
Mindre enn 2000	6	19,9	5,0	3,8	21,2	70,0	12,2	16,69	81,24	14,45
2000—5000.....	9	10,8	11,1	24,8	7,9	56,2	16,0	14,67	80,25	12,86
5000 og meir ...	4	13,9	7,1	17,7	13,8	61,1	15,5	9,98	76,67	13,39
Mysostkokeri i alt	19	12,3	8,8	19,3	11,9	60,0	15,3	13,24	79,09	13,29

6. Gamalostysteri.

I denne gruppa har ein teki med dei meieria som nyttar minst 75 prosent av mjølkefeittet til smørproduksjon og som ystar gamalost av minst 50 prosent av skumamjølka. Skumamjølka elles er for det meste returnert til leverandørane. I 1958 var det 2 gamalostysteri. I medel var det i 1958 innvege 1 750 tonn pr. meieri. 88,1 prosent av mjølkefeittet er nytta til smørproduksjon.

7. Meieri med blanda drift.

I denne gruppa har ein samla dei meieria som ikkje kjem med i noko av dei andre gruppene. Drifta ved desse meieria er difor meir skiftande enn i dei andre gruppene. Gruppa er delt i 3 undergrupper etter storleiken av mjølkesalet. Ein reknar då med sal både til konsum, industri og til andre meieri.

Tabell 33. Korleis mjølka er nytta og økonomisk resultat av drifta ved meieri med blanda drift med meir enn 50 prosent mjølkesal 1958.

Mjølke­mengd i tonn	Meieri som er med	Geit- mjølk i pct. av inn- vegen mjølke- mengd	Utnytting i pct.				Pet. re- turnert skuma- mjølk og saup	Drifts- utgifter Øre pr. kg mjølk	Netto- vinning Øre pr. kg mjølk	Av det- te sta- tens sertil- skot Øre pr. kg mjølk
			Kon- sum- sal	Sal til indu- stri- for- bruk	Sal til andre meieri	Pro- duk- sjon				
Mindre enn 2000	35	2,4	39,7	2,8	35,2	22,3	20,2	11,93	75,26	12,66
2000—5000.....	29	1,8	36,7	0,6	31,2	31,5	17,1	11,74	71,80	8,90
5000 og meir ..	16	0,8	54,7	5,8	13,6	25,9	16,4	12,92	72,64	7,69
I alt	80	1,2	48,5	4,2	20,5	26,8	17,1	12,51	72,77	8,67

a. Meieri med meir enn 50 prosent mjølkesal.

Meieria i denne gruppa kjem nær opp til dei reine mjølkesalsmeieria. I medel har dei teki imot 4 849 tonn pr. meieri. 73,2 prosent av mjølkemengda er seld til konsum, industriforbruk eller til andre meieri, medan 26,8 prosent er nytta til produksjon av smør og ost.

b. Meieri med 25 til 50 prosent mjølkesal.

Meieria i denne gruppa har i medel teki imot 4 963 tonn pr. meieri. 38,9 prosent av mjølkemengda er seld til konsum, industriforbruk eller til andre meieri, medan 61,1 prosent er nytta til produksjon av smør og ost.

Tabell 34. Korleis mjølka er nytta og økonomisk resultat av drifta ved meieri med blanda drift med 25 til 50 prosent mjølkesal 1958.

Mjølkemengd i tonn	Meieri som er med	Geitmjølk i pct. av innvegen mjølkemengd	Utnytting i pct.				Pct. returnert skumamjølk og saup	Driftsutgifter Øre pr. kg mjølk	Nettovinning Øre pr. kg mjølk	Av dete statens sertilskot Øre pr. kg mjølk
			Konsumsal	Sal til industriforbruk	Sal til andre meieri	Produksjon				
Mindre enn 2000	8	2,8	19,4	1,7	13,2	65,7	25,4	14,30	76,14	13,94
2000—5000	30	1,3	25,3	—	13,0	61,7	30,9	10,59	75,29	10,99
5000 og meir . . .	12	1,4	33,5	0,9	5,3	60,3	17,9	11,93	74,94	9,93
I alt	50	1,5	29,7	0,6	8,6	61,1	23,2	11,55	75,14	10,55

c. Meieri med mindre enn 25 prosent mjølkesal.

Meieria i denne gruppa har i medel teki imot 4 557 tonn mjølk pr. meieri. 14,0 prosent av mjølkemengda er selt medan 86,0 prosent er nytta til smør- og osteproduksjon.

Ei samanlikning mellom dei 3 gruppene med blanda drift syner at gruppa med 25 til 50 prosent mjølkesal har høgste nettovinninga. Dette kjem av at

Tabell 35. Korleis mjølka er nytta og økonomisk resultat av drifta ved meieri med blanda drift med mindre enn 25 prosent mjølkesal 1958.

Mjølkemengd i tonn	Meieri som er med	Geitmjølk i pct. av innvegen mjølkemengd	Utnytting i pct.				Pct. returnert skumamjølk og saup	Driftsutgifter Øre pr. kg mjølk	Nettovinning Øre pr. kg mjølk	Av dete statens sertilskot Øre pr. kg mjølk
			Konsumsal	Sal til industriforbruk	Sal til andre meieri	Produksjon				
Mindre enn 2000	2	—	5,1	4,9	5,2	84,8	27,1	9,82	68,42	3,94
2000—5000	28	0,9	10,4	0,4	4,0	85,2	24,6	11,79	72,65	9,45
5000 og meir . . .	18	0,9	8,7	0,2	4,3	86,8	26,8	11,15	71,14	6,28
I alt	48	0,9	9,4	0,4	4,2	86,0	25,8	11,41	71,76	7,62

denne gruppa har det høgste statstilskotet. Gruppa med mindre enn 25 prosent mjølkesal har minste nettovinninga, men og minste statstilskotet. Driftsutgiftene er størst for gruppa med over 50 prosent mjølkesal og minst for gruppa med mindre enn 25 prosent mjølkesal.

8. Hovudtal for produksjonsgruppene.

I dei fylgjande tabellar har ein med nokre av dei viktigaste økonomiske oppgåvene for dei einskilte produksjonsgruppene og samla for alle meieri.

Tabell 36. Driftsresultata i 1958 for dei einskilte produksjonsgruppene.

	Produksjonsgruppe				
	Mjølkesalsmeieri	Samlestasjonar	Smør- og fløyte-meieri	Mysostkokeri	Meieri med blanda drift
Meieri som er med	41	119	23	19	178
Innvegen mjølk pr. meieri, tonn	7 774	1 228	2 208	3 338	4 802
Driftsutgifter pr. kg mjølk i øre:					
Løner	4,04	2,00	2,41	4,09	3,91
Sosiale utgifter	0,44	0,12	0,14	0,32	0,34
Kraft, vatn og kjøling	0,92	0,55	0,86	2,31	1,16
Brensel					
Driftsrekvisita og hjelpemiddel	1,65	0,32	0,73	2,11	1,33
Emballasje					
Frakter og køyring	3,44	1,02	0,13	0,38	0,79
Kontorutgifter, skattar, assurance m. m.	0,70	0,29	0,38	0,44	0,61
Renter av gjeld	0,29	0,19	0,16	0,31	0,35
Forrentning av partskapital	0,05	0,04	0,04	0,02	0,07
Vedlikehald	1,73	0,36	0,62	1,18	1,25
Ymse	0,25	0,21	0,08	0,16	0,07
Avskrivning på meieribygge og utstyr	1,67	0,91	2,14	1,92	2,06
Meieria i alt	15,18	6,01	7,69	13,24	11,94
Nettovinning	73,98	70,30	76,40	79,09	73,17
Av dette statens sertilskot	7,15	5,64	11,46	13,29	8,93

Ein har ikkje endra eldre oppgåver for nettovinning i samsvar med det nye omfanget av driftsutgiftene frå og med 1953. Forrentning av partskapital og avskrivning på meieribygge og utstyr var tidlegare ikkje medtekne under driftsutgiftene.

For samanlikninga si skuld skal ein opplyse at i 1952 utgjorde desse postane for alle produksjonsgrupper under eitt 1,20 øre pr. kg mjølk, dvs. at tala for driftsutgiftene i 1952 går opp med 1,20 øre pr. kg og nettovinninga går tilsvarende ned.

Tabell 37. Driftsutgiftene¹ for dei einsskilde produksjonsgruppene for åra 1951 til 1958. Øre pr. kg mjølk.

Produksjonsgruppe	1951	1952	1953	1954	1955	1956	1957	1958
Mjølkesalsmeieri	8,13	9,09	10,39	11,05	11,74	12,68	13,80	15,18
Samlestasjonar	3,18	3,42	4,05	4,74	5,25	5,08	5,36	6,01
Smørmeieri	4,24	5,05	6,08	5,78	6,24	6,50	7,41	7,69
Fløytemeieri	4,83	4,46	4,83	4,93	5,26			
Mysostkokeri	9,25	10,21	11,11	11,01	11,84	11,40	11,99	13,24
Gamalostysteri	5,88	—	9,89	10,86	9,50	8,86	11,19	—
Meieri med blanda drift	6,83	7,65	8,41	8,91	9,76	10,38	11,04	11,94

¹ Renter av partskapital og avskrivningar ikkje medtekne i driftsutgiftene før 1953.

Tabell 38. Den relative fordelinga av driftsutgiftene i 1958 for dei einsskilde produksjonsgruppene.

	Produksjonsgruppe				
	Mjølkesalsmeieri	Samlestasjonar	Smør- og fløytemeieri	Mysostkokeri	Meieri med blanda drift
Løner	26,6	33,2	31,3	30,9	32,7
Sosiale utgifter	2,9	2,0	1,9	2,4	2,9
Kraft, vatn og kjøling	6,0	9,2	11,2	17,5	9,7
Brensel					
Driftsrekvisita og hjelpemiddel	10,9	5,3	9,4	15,9	11,1
Emballasje					
Frakter og køyring	22,7	16,9	1,6	2,9	6,6
Kontorutgifter, skattar, assurance m. m.	4,6	4,8	4,9	3,3	5,1
Renter av gjeld	1,9	3,2	2,2	2,3	2,9
Forrentning av partskapital	0,4	0,7	0,5	0,2	0,5
Vedlikehold	11,4	6,0	8,2	8,9	10,5
Ymse	1,6	3,5	1,0	1,2	0,7
Avskrivning på meieribygge og utstyr	11,0	15,2	27,8	14,5	17,3
Meieria i alt	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

Tabell 39. Nettovinninga¹ for dei einsskilde produksjonsgruppene i åra 1951 til 1958. Øre pr. kg mjølk.

Produksjonsgruppe	1951	1952	1953	1954	1955	1956	1957	1958
Mjølkesalsmeieri	49,94	54,83	58,00	59,86	64,57	71,78	71,43	73,98
Samlestasjonar	48,40	52,77	52,94	56,81	61,00	69,19	69,68	70,30
Smørmeieri	47,42	52,61	53,75	57,20	62,43	72,38	73,30	76,40
Fløytemeieri	42,31	52,74	52,16	59,01	60,74			
Mysostkokeri	51,99	58,64	63,00	64,95	70,96	80,15	81,52	79,09
Gamalostysteri	52,11	—	56,15	57,97	63,69	71,75	71,46	—
Meieri med blanda drift	49,46	54,21	54,98	58,61	62,66	70,99	71,75	73,17

¹ Frå 1953 vart renter av partskapital og avskrivningar medtekne i driftsutgiftene, og nettovinninga gjekk då tilsvarende ned. I 1952 utgjorde desse postane i gjennomsnitt 1,20 øre pr. kg mjølk.

VI. Investeringar i meieridrifta.

I 1958 vart det brukt 66,8 mill. kr. til investeringar ved meieria mot 69,1 mill. kr. i 1957. Av investeringane i 1958 gjekk 50,1 mill. kr. til nyinvestering av alle slag og 16,7 mill. kr. var utgifter til vøling. I tabellane XV og XVI er utgiftene til dei einiskilde investeringspostane spesifiserte for kvart fylke.

I investeringssummane er medrekna løn til eigne folk for arbeid med montering og vøling. For arbeid med maskinar, transportmiddel, inventar o. a. var løna til eigne folk i 1958 0,9 mill. kr., og for arbeid med hus o. a. var løna 1,5 mill. kr. Til kjøp av nye maskinar produserte i Noreg er brukt 10,4 mill. kr. Pr. 1. januar 1959 var det betalt kr. 67 723 i forskot på maskinar tinga utanlands, men ikkje mottekne til den tid.

Tabell 40. Investeringar i 1000 kr.

År	Utgifter til alle slag utstyr, hus, byggjearbeid o. a.	Utgifter til vøling	I alt	Av dette til kjøp av brukte maskinar, bilar o.a. og hus tidlegare nytta av andre
1954	43 884	12 629	56 513	387
1955	40 332	14 581	54 913	257
1956	38 002	14 763	52 765	215
1957	54 073	15 051	69 124	423
1958	50 055	16 710	66 765	372
<i>Investeringar i 1958 til:</i>				
Maskinar, maskindelar, apparat og reiskapar som blir brukte gjennom fleire år, inklusive montasje				
a) for meieridrifta	24 569	9 341	33 910	223
b) for anna verksemd	709	259	968	—
Bilar	2 582	1 961	4 543	31
Andre transportmiddel	216	8	224	—
Inventar og kontormaskinar	1 174	245	1 419	3
Hus for meierifolka	1 528	257	1 785	115
Sosiale velferdsføremål	206	75	281	—
Meieri-, lager- og kontorbygg	18 199	4 053	22 252	—
Anna industriell verksemd	637	13	650	—
Tomter og annan naturherlegdom	235	498	733	—

VII. Partskapital, realkapital, gjeld og fonds ved utgangen av 1958.

Oppgåver over partskapital, branntrygdeverd av bygningar og utstyr, trygdeverd av byggverk for dammar, transport og kai, verd av innkjøpte råemne, brensel og driftsmiddel, samt lager av meierivarer er tidlegare innhenta i 1949, 1953 og 1956. Oppgåvene for 1949 er prenta i Statistiske meldingar 1951 nr. 3, og oppgåvene for 1953 og 1956 er prenta i Meieribruket i Noreg 1953 og 1956. Tidlegare var det til meieristatistikken innhenta oppgåver over branntrygdeverd av meieria utanom verd av lager for åra 1925, 1926, 1930 og 1935. For alle meieria var samla branntrygdeverd etter desse oppgåvene i alt om lag 60 mill. kr. Sjå elles statistikken for dei nemnde åra.

Partskapitalen ved meieria var i 1958 35,8 mill. kr. mot 33,6 mill. kr. i 1956 og 31,6 mill. kr. i 1953.

Branntrygdeverd av bygningar var i 1958 286,3 mill. kr. mot 254,0 mill. kr. i 1956. Dette er ein auke på 32,3 mill. kr. eller 12,7 prosent. For transportmiddel, maskinar, verkty og inventar har branntrygdeverdet auka frå 187,1 mill. kr. i 1956 til 227,9 mill. kr. i 1958 eller med 40,8 mill. kr. svarande til 21,8 prosent.

Full trygdeverd av byggverk for dammar, transport og kai var i 1958 oppgjevi til 1,5 mill. kr. mot 0,8 mill. kr i 1956.

Verd av lager av innkjøpte råemne, brensel og driftsmiddel var i 1958

Tabell 41. Partskapital og realkapital ved utgangen av 1953, 1956 og 1958 i 1000 kroner.

	^{31/12} 1953	^{31/12} 1956	^{31/12} 1958
Partskapital	31 584	33 591	35 750
Branntrygdeverd av:			
Bygningar	193 342	253 972	286 300
Transportmiddel, maskinar, verkty, reiskapar og inventar	131 979	187 064	227 935
Trygdeverd av byggverk for dammar, transport og kai	2 658	800	1 492
Verd av innkjøpte råemne, brensel og driftsmiddel på lager	4 891	5 651	13 674
Lager av egne produkt	13 342	39 442	37 598
I alt	346 212	486 929	566 999

Tabell 42. Lånekapital og fondskapital pr. 31/12 1958. 1000 kroner.

	Lån		Fonds
	I alt	Av dette pantelån	
I alt 1958	113 418	91 945	63 553
Fylka i 1958:			
Østfold	4 694	3 657	4 565
Akershus og Oslo	11 059	3 392	9 135
Hedmark	5 403	3 816	3 972
Oppland	8 083	4 527	7 268
Buskerud	6 528	4 886	2 399
Vestfold	6 505	5 311	1 412
Telemark	3 588	2 999	2 445
Aust-Agder	2 017	422	912
Vest-Agder	5 207	3 189	3 410
Rogaland	6 862	5 127	7 261
Hordaland og Bergen	3 517	12 445	1 496
Sogn og Fjordane	11 935	10 456	2 680
Møre og Romsdal	7 716	6 082	5 741
Sør-Trøndelag	8 586	7 283	2 063
Nord-Trøndelag	6 381	5 306	2 959
Nordland	8 946	7 196	2 206
Troms	4 576	4 370	2 424
Finnmark	1 815	1 481	1 205

oppgevi til 13,7 mill. kr. mot 5,7 mill. kr. i 1956. Vidare er verd av egne produkt på lager utrekna til 37,6 mill. kr. mot 39,4 mill. kr. i 1956.

Samla verd av bygningar, utstyr, byggverk for dammar, transport og kai, innkjøpte råemne, brensel og driftsmiddel og lager av egne produkt skulle etter dette vera 567,0 mill. kr. ved utgangen av 1958 mot 487,0 mill. kr. ved utgangen av 1956.

I tabell XVII er det oppgaver over parts- og realkapital i dei einskilde fylka.

Meieria hadde pr. 31. desember 1958 lån på i alt 113,4 mill. kr. Av dette var 91,9 mill. kr. pantelån svarande til 81 prosent. Fondskapitalen var på 63,6 mill. kr. I tabell 42 er det gitt oppgaver for kvart fylke.

VIII. Installerte kraftmaskinar ved utgangen av 1958.

Tidlegare er det innhenta fullstendige oppgaver over det maskinelle utstyret ved meieria i 1939, 1953 og 1956. Resultatet av granskinga i 1939 er prenta i Statistiske Meddelelser 1941, nr. 3, 4 og 5, medan resultatet av granskinga i 1953 og 1956 er medteki i statistikken for desse åra.

For 1958 er det innhenta oppgaver over tal og yteevne av installerte kraftmaskinar fordelt på vasskraftmaskinar, dampmaskinar, forbrennings- og eksplosjonsmotorar, elektromotorar og kapasitet av annan elektrisitetsforbrukande installasjon nytta i produksjonen. Oppgåvene er spesifiserte på maskinar som er i drift og maskinar som ikkje er i drift.

Samanlikning med tidlegare oppgaver syner at talet på elektromotorar har auka, medan talet på andre kraftmaskinar har gått ned.

I tabell XVIII er det oppgaver over maskininstallasjon delt på fylke.

Tabell 43. Kraftmaskinar ved meieria i 1958.

	I drift		Ikkje i drift	
	Tal	Yteevne	Tal	Yteevne
		HK		HK
Vasskraftmaskinar	37	7 763	—	—
Dampkraftmaskinar	6	311	1	16
Forbrennings- og eksplosjons- motorar o. l.	6	129	6	203
Elektromotorar	12 445	43 679	228	800
Annan elektrisitetsforbrukande installasjon	19 216	..	123

¹ kW.

IX. Forbruk av brensel, drivstoff og elektrisk kraft.

Av brensel var det i 1958 nytta 4 035 tonn kol til eit verde av kr. 684 000 og 84 tonn koks og sinders for kr. 16 000. Vidare er det nytta 36 425 tonn brenselolje, og for denne er det betalt kr. 7 524 000. Av ved er nytta til saman 13 973 famnar for kr. 1 143 000, av sagflis og kutterflis 167 928 m³ for kr. 344 000 og av hoggen flis 5 402 m³ for kr. 46 000.

Samanlikning med oppgåvene for 1956 syner at bruken av kol, koks og sinders har gått attende, medan bruken av brenselolje har auka sterkt. Samla kostnad til brensel var kr. 9 808 000 i 1958 mot kr. 9 820 000 i 1956.

Forbruket av bensin er i 1958 oppgjeve til 1 918 000 liter og for dette betalt kr. 1 945 000. Av autodiesel er nytta 2 341 000 liter for kr. 859 000 og 37 582 kg smøreolje til eit verdi av kr. 120 000. Samanlikna med 1956 er det sterk nedgang i bruk av bensin og auke for autodiesel.

Av elektrisk kraft var det i 1958 leigd for i alt kr. 3 645 000. Det vart elles nytta kraft frå egne kraftverk til eit verdi av kr. 3 730.

I 1956 var det leigd 51 387 000 kWh og for det betalt kr. 3 047 000. Frå egne kraftverk vart det nytta 70 000 kWh. I tabell XIX er det tal for kvart fylke.

Tabell 44. Mengd og verdi av brensel, drivstoff og elektrisk kraft.

	1953		1956		1958	
	Mengd	1000 kr.	Mengd	1000 kr.	Mengd	1000 kr.
Kol, tonn	14 637	2 125	7 053	1 263	4 035	684
Koks og sinders, tonn	197	25	154	18	84	16
Brenselolje, tonn ¹	19 402	3 878	32 014	6 924	36 475	7 524
Ved, famnar	27 852	1 899	14 059	1 304	13 973	1 143
Sagflis og kutterflis m ³ ...	41 429	113	115 275	303	167 928	344
Hoggen flis m ³					5 402	46
Anna brensel	50
Bensin 1000 l	3 099	2 878	2 361	2 296	1 918	1 945
Autodiesel 1000 l	90	32	1 275	459	2 341	859
Smurningsolje og feitt kg	37 582	120
Leigd elektrisk kraft						
1000 kW	42 355	..	51 387	3 047	..	3 645
Elektrisk kraft frå egne verk 1000 kW	315	..	70	4

¹ I 1953 var fyringsolje oppgjeve i 1000 l, og i 1956 var det oppgjeve 19 395 000 l fyringsolje nr. 1—3 og 12 619 tonn fyringsolje nr. 4—6.

X. Samla produksjon av kumjolk og geitmjolk.

Meieristatistikken femner berre om den mjølkemengda som blir innvegen ved meieria og kondenseringsfabrikkane. Her skal ein gi nokre oppgåver over samla produksjon av ku- og geitmjolk og syna kor stor del av produksjonen som er innvegen.

Oppgåvene over samla produksjon av ku- og geitmjolk byggjer på jordbrukssteljingane. Produksjonen er utrekna etter talet på mjølkekyr og medels avdrått.

Talet på mjølkekyr som var 769 251 pr. 20/6 1949, har seinare gått jamt nedover og var pr. 20/6 1958 utrekna til 622 178. Mjølkemengd pr. ku var for 1949—50 utrekna til 2 092 kg og for 1954—55 til 2 314 kg. Samla produksjon av kumjolk i desse åra var 1 609 024 tonn og 1 547 562 tonn. Seinare har ein ikkje oppgåve over medels mjølkemengd pr. ku, og dei utrekna oppgåvene over samla produksjon av kumjolk er difor berre førebels. For 1958 er produksjonen av kumjolk oppgjeven til 1 670 000 tonn.

I 1949 vart det innvege 890 569 tonn kumjølkk eller 55,3 prosent av samla produksjon. Dette auka til 1 167 209 tonn i 1958 eller 69,9 prosent.

Talet på geiter over 1 år var pr. 20/6 1949 104 784. Dette har og gått jamt nedover og var pr. 20/6 1958 utrekna til 83 190. Medels mjølkemengd pr. geit var i 1949—50 211 kg og i 1954—55 233 kg, og samla produksjon av geitmjølk var for desse åra utrekna til 21 120 tonn og 19 741 tonn. For 1958 er mengda av geitmjølk førebels utrekna til 20 000 tonn.

Mengda av innvegen geitmjølk har auka mykje frå tidlegare år. I 1949 vart det innvege 10 206 tonn geitmjølk eller 48,3 prosent av samla produksjon og i 1958 innvege 17 423 tonn svarande til 87,1 prosent.

Tabell 45. Produksjon av ku- og geitmjølk i alt og innvegen mjølkemengd.¹

År	Produksjon av kumjølkk ²	Innvegen kumjølkk		Produksjon av geitmjølk ²	Innvegen geitmjølk	
		I alt	Av produksjon i alt		I alt	Av produksjon i alt
	Tonn	Tonn	Pet.	Tonn	Tonn	Pet.
1949	1 609 024	890 569	55,3	21 120	10 206	48,3
1954	1 547 562	1 037 019	67,0	19 741	15 156	76,8
1957	³ 1 634 000	1 177 174	72,1	³ 21 100	19 543	92,6
1958	³ 1 670 000	1 167 209	69,9	³ 20 000	17 423	87,1

¹ Både ved meieri og kondenseringsfabrikkar. ² Produksjonen gjeld 1949—50. osfr.

³ Førebels tal.

English summary

An annual survey of the dairy industry was first published in 1925. Data are based on information collected from each individual dairy as well as from receiving stations retailing to consumers. Many of these stations sell some milk to consumers in their local districts and are operated by the producers themselves. The survey thus includes all retail sales of milk from dairies and all expenses incurred after the milk has been weighed in at a dairy or receiving station.

In 1958 there were 264 dairies, comprising production dairies, sale- and mountain dairies, 119 receiving stations and 4 condenseries, totalling 387 operating stations. See table I.

All dairies are owned by the producers. The greater part of them are organized on a profit-sharing basis, but the profit is shared out among the producers in proportion to milk weighed in. Some dairies pay a reasonable interest on the shares, and this is reckoned as operating expenses. Some dairies have paid back the profit-sharing capital, and the producers are then ordinary joint owners in the dairy, according to quantity of milk delivered during the last 5 years.

In 1958 128 819 producers owning 553 396 milk cows and 55 626 milk goats delivered milk to dairies.

For 1957 the figures were 130 812 producers owning 560 465 milk cows and 60 947 milk goats.

The quantity of milk weighed in at dairies during 1958 totalled 1 184 632 tons, comprising 1 163 178 tons cow milk, 17 423 tons goat milk and 615 tons of cream, which has been computed to equal 4 031 tons whole milk (cow milk). The total tonnage of milk received in 1957 was 1 196 717 tons, and the average for 1937—1939 713 048 tons. The production of butter decreased from 15 655 tons in 1957 to 13 422 tons in 1958, while the production of white cheese increased from 19 516 tons to 22 871 tons and the production of brown cheese increased from 11 943 tons to 14 030 tons. During the years 1937—1939 the average production of butter was 14 743 tons, of white cheese 10 673 tons and of brown cheese 7 754 tons.¹

The sale of whole milk for consumption increased from 418 621 tons in 1957 to 423 217 tons in 1958. The sale of cultured milk increased from 19 392 tons in 1957 to 20 007 tons in 1958, and the sale of skimmed cultured milk, ordinary skimmed milk and buttermilk for consumption increased from 10 521 tons in 1957 to 16 576 tons in 1958. The sale of light cream (10 and 20 per cent fat) increased from 4 144 tons in 1957 to 4 352 tons in 1958, while the sale of heavy cream was the same as in 1957, with 14 531 tons.

The amount of milk and cream sold for consumption converted to whole milk equivalent increased from 589 302 tons in 1957 to 591 200 tons in 1958.

The amount of whole milk, cultured milk and cream sold to the food manufacturing industry computed in whole milk equivalent, decreased from 43 550 tons in 1957 to 39 616 tons in 1958. At the same time the sale of skimmed cultured milk, ordinary skimmed milk and buttermilk sold to the food manufacturing industry decreased from 46 026 tons to 41 233 tons.

The gross income from milk receipts at dairies totalled in 1958 1 020,1 million kroner, operating expenses were 165,5 million kroner leaving a net of 854,6 million kroner, amounting to 87,44 øre, 14,19 øre and 71,87 øre, respectively per kilogram milk weighed in.

Government subsidies for milk production amounted to 325,7 million kroner in the budget year 1958—59, 450,0 million kroner in 1957—58, 369,0 million kroner in 1956—57, 321,6 million kroner in 1955—56 and 266,1 million kroner in 1954—55.

The investments in the dairy production totalled 66,8 million kroner in 1958. Of this amount 50,0 million kroner were employed for new equipments and new houses etc. and 16,7 million kroner for reparations. Specifications are given in the tables XV and XVI. In 1957 the investments in equipments etc. were 54,1 million kroner and reparations 15,0 million kroner, totalling 69,1 million kroner.

The total share capital invested in the dairy production amounted to 35,8 million kroner at the end of 1958, and the total insurance value of buildings, machines and other equipment, together with the value of building sites, and the value of purchased raw material, fuel, trading capital and own products in stocks totalled 567,0 million kroner. At the end of 1956 the share capital amounted to 33,6 million kroner and the total insurance value etc. to 486,9 million kroner. For specification see table XVII.

Data on means of machines in the dairies at the end of 1958 are available in table XVIII. Data on means of consumption of petrol, fuel and electricity in 1958 are given in table XIX.

Tabell I. Meieria delte i produksjonsgrupper

Nr.		Etter produksjonsgrupper						Meieri med blanda drift
		Mjølkesal		Smørmeieri	Sætermeieri	Mysostkokeri	Gamalostysteri	
		Mjølkesalsmeieri	Samlestasjonar					
	1954	47	136	24	1	22	4	166
	1955	51	122	21	1	17	5	166
	1956	44	120	20	1	16	5	172
	1957	42	116	23	1	11	3	175
	1958	41	119	23	1	19	2	178
	<i>Fylka 1958:</i>							
01	Østfold	2	7	—	—	—	—	4
02	Akershus og Oslo	7	22	—	—	—	—	2
04	Hedmark	1	2	2	—	3	—	15
05	Oppland	2	3	—	—	7	—	19
06	Buskerud	5	10	—	—	—	—	7
07	Vestfold	4	1	—	—	—	—	3
08	Telemark	5	—	—	—	—	—	8
09	Aust-Agder	3	—	—	—	—	—	3
10	Vest-Agder	2	—	—	—	—	—	8
11	Rogaland	1	—	—	—	1	1	26
12	Hordaland og Bergen ..	2	60	—	1	1	1	10
14	Sogn og Fjordane	—	3	7	—	—	—	10
15	Møre og Romsdal	—	—	—	—	2	—	13
16	Sør-Trøndelag	—	7	8	—	—	—	10
17	Nord-Trøndelag	—	4	5	—	1	—	18
18	Nordland	3	—	1	—	2	—	13
19	Troms	—	—	—	—	2	—	9
20	Finnmark	4	—	—	—	—	—	—

Tabell II. Meieria, kvar dei ligg, tida dei var i drift, mjølkemengd

Nr.		Meieri			Tida dei var i drift		
		I alt	I byar	I bygder	Mindre enn 6 mnd.	6—9 mnd.	9—11 mnd.
	1954	400	59	341	4	5	2
	1955	383	59	324	3	2	—
	1956	378	59	319	3	—	1
	1957	371	59	312	8	4	1
	1958	383	59	324	2	1	2
	<i>Fylka 1958:</i>						
01	Østfold	13	4	9	—	—	—
02	Akershus og Oslo	31	2	29	1	—	1
04	Hedmark	23	2	21	—	—	—
05	Oppland	31	2	29	—	—	—
06	Buskerud	22	3	19	—	1	—
07	Vestfold	8	6	2	—	—	—
08	Telemark	13	6	7	—	—	—
09	Aust-Agder	6	5	1	—	—	—
10	Vest-Agder	10	4	6	—	—	—
11	Rogaland	29	6	23	—	—	—
12	Hordaland og Bergen ..	75	2	73	1	—	1
14	Sogn og Fjordane	20	2	18	—	—	—
15	Møre og Romsdal	15	3	12	—	—	—
16	Sør-Trøndelag	25	1	24	—	—	—
17	Nord-Trøndelag	28	3	25	—	—	—
18	Nordland	19	4	15	—	—	—
19	Troms	11	2	9	—	—	—
20	Finnmark	4	2	2	—	—	—

og etter innvegen mjølkemengd.

Konden- serings- fabrikkar	I alt	Etter innvegen mjølkemengd							Nr.
		Mindre enn 100 tonn	100—200 tonn	200—500 tonn	500—1000 tonn	1000—2000 tonn	2000—5000 tonn	5000 tonn og meir	
3	403	14	24	38	69	87	119	48	
3	386	12	19	39	60	76	128	48	
3	381	9	18	40	52	76	130	53	
3	374	12	16	36	48	74	128	57	
4	387	11	12	34	53	72	138	63	
—	13	—	1	—	—	1	4	7	01
—	31	—	—	6	10	4	8	3	02
2	25	—	—	—	—	3	16	4	04
—	31	—	—	—	1	6	17	7	05
—	22	1	—	1	8	4	4	4	06
1	9	—	—	1	1	—	3	3	07
—	13	—	—	—	3	6	3	1	08
—	6	—	—	—	—	4	2	—	09
—	10	—	—	—	1	2	6	1	10
—	29	—	—	—	1	5	12	11	11
